

Gamle dagar i
SAMNANGER



Årbok 2022
Samnanger historielag

Omslagsbilde:

Tunneldrift og vegbygging utan maskinhjelp
kravde kunnskap og erfaring. Bildet kjem frå Nils
Kvittingen, som var med på dette. Elles er namna til
personane på bildet ukjende.

På baksida sida ser me dei gamle tuftene som
framleis står på den tidlegare husmannsplassen
Tøena.

2022

Redaktør: Knut Ådne H. Røen

Papirutgåve trykt i Steinsdalen av Norheimsund Trykkeri AS

Revidert utgåve i PDF-format mars 2023

Føreord

I mange heimar både i og utanfor bygda vår finst mykje godt lokalt lesestoff frå Samnanger i eldre tid. Då ei gruppe framsynte samningar starta Samnanger historielag i år 2000, var eit viktig mål å gje ut ei årbok føre jul kvart år, og det har historielaget verkeleg makta. Ei stor takk til alle som har gjort det mogeleg!

Det første styret med Ada Haugen, Solveig Tveit Nygård, Anna Holmefjord, Ivar Bård Aadland, Svein O.Aadland og varafolka Tor Wold og Olav Brigtsen la eit godt grunnlag for å fylla føremålet til laget: Å fremja interessa for lokalhistorie og kulturvern. Laget skal vidare arbeida for å ta vare på det som har historisk verdi for Samnanger.

Det er rett og slett imponerende å lesa årsmeldinga frå første arbeidsåret. Møte på Gjerde om reiselivet i Midthordland, kurs i slektsgransking, tur til Kvitingen med omvising i kraftstasjonane og omvising i kyrkja på Ådland. Fotogruppa kom i gang, andre grupper var påemna, og kommunen ville ha hjelp med å flytta skulehuset på Stolpane. 32 medlemmar talde den historiske flokken.

Årboka stod heilt sentralt, og den hadde ei uvanleg fin framside med ei statue av sjølvaste jomfru Maria laga av kleberstein frå Samnanger. Inni var det meir stoff om gruver og kleberstein, bilar, motorsyklar og størjefiske m.m.

Dette var starten, og seinare har mykje interessant stoff vorte samla og nedskrive, viktig for framtida og kjekt å ta fram i ledige stunder. Me har framleis årbøker frå dei fleste årgangar på lager.

Biletsamlinga er stor, og i desse dagar viser fotogruppa fram ein del på Bjørkheim.

Av velkjende grunnar vart det ikkje 20-årsfeiring. Me får ta det att når laget rundar 25 år. Det kan verta ei stor forsamling, no har me heile 140 medlemmar.

Siste årsmøtet vedtok at betaling av årbok og medlemspengar skal følgjast åt, ikkje slik som no når me betalar årbok på etterskot og medlemspengar på forskot. Dette året, no i november, får alle medlemmar utdelt eller tilsendt årboka utan innbetalingskrav. I februar sender me ut ei helsing og krav som skal gjelda for både Årbok 2023 og medlemspengar same året.

Ha gode stunder med årboka!

Styret ved Solvor Aadland

Innhald

På gjengrodde tufter <i>av Svein Egil Kvale</i>	s. 6
Småbyen som forsvann <i>av Tor Wold</i>	s. 14
Minne frå barneåra på Tysse <i>av Alfred Langeland</i>	s. 22
Husmannssoenen som fekk eigen gard <i>av Tor Wold</i>	s. 30
Slåttedag på Tøena <i>av Solveig Vassenden</i>	s. 38
Nils Nordbø fortel om fortida <i>av Tor Wold e. Nils Nordbø</i>	s. 43
Neste generasjon på Utskot – båtane veks <i>av Tor Wold</i>	s. 48

Vegbygging på gamlemåten – og livet som anleggsbus <i>av Leif Djonne-Stuve</i>	s. 54
Krigsminne hos ei lita jente <i>av Kirsten Kleivane</i>	s. 64
Samnanger Venstrelag 1893 – 1921 <i>av Karin Høysæter Steinsland</i>	s. 68
Samnanger på gamle kart – og litt om stadnamn <i>av Øyvind Røen</i>	s. 76
Vegar og ferdsel <i>av Øyvind Røen</i>	s. 82

På gjengrodde tufter

av Svein Egil Kvale

Skutevika, som ligg ved fjorden nedanføre Øvre-Kvernes, er ein plass mange i bygda kjenner til og har vitja. Likevel er det nok færre som kjenner til historia til ein av dei som levde der for godt over 100 år sidan. I denne artikkelen kjem eg til å fortelja litt om «Slåtte-Mons'n», som budde her frå 1898 og fram til like før han døydde i 1916. Slåtte-Mons'n var bror til tippoldemor mi, Synneva Reistad eller «Hamna-Sydnevo», som ho og vart kalla. I barndomen høyrde eg mange historier om Slåtte-Mons'n som bestemor mi, Ingrid Kvale, fortalde. Ho hadde sjølv vore mykje i Skutevika i barndomen, og ho hugsar godt til Slåtte-Mons'n.



Skutevika i september 2022 (Foto: Svein O. Aadland)

Oppveksten på Slåtta

Mons Knutsson Gjerde, eller «Slåtte-Mons'n», vart fødd 14. februar 1836 på husmannsplassen Slåtta under Gjerde. Faren Knut Larsson Gjerde kom frå Slåtta, og mora Brita Monsdotter kom frå Steintveit. Faren hadde vore gift ein gong før, og mora Brita hadde ein son før ekteskapet, så dei var heile ni søsken i familien. Faren Knut Gjerde hadde vore soldat i krigen 1808 – 1814, og han hadde sikkert mange historier å fortelja.

Dessutan budde ein ugift onkel som heitte Lars, saman med dei. Han vart kalla «Blinde-Lars'n» av bygdefolket, då han var fødd blind. Blinde-Lars'n lærde seg etter kvart å laga ymse ting av tre som tiner og øskjer. Dessutan var han kjend for å vera svært musikalsk, og han skulle vera ein meister på fele. Derfor vart han ofte nytta til spelemann kring i bygda. Endåtil den berømte «Myllarguten» kom ein gong på vitjing til Slåtta, og han sa at sjeldan hadde han høyrte så mjukt og vent spel som spelet til Lars. Brordottera Synneva Gjerde fortalde sidan at når ho og søskena var små, så vart dei ofte bedne om å gå ut for å henta vatn når det var mørkt. I staden fekk dei onkelen som var blind til å gå ut, for han var det ingen skilnad.

Kåra var vel som for mange husmannsfamiliar den gongen, lange dagar og mykje hardt arbeid. Husmannsplassen på Slåtta var ikkje av dei minste i bygda, og i 1865 fødte dei, iflg. den eldste bygdesoga, 7 storfe, 17 sauer og 15 geiter. Likevel vart ingen av søskena til Mons buande på Slåtta. Ein hovudgrunn kunne nok vera at familien berre bygsla plassen, og rundt 1870 vart han kjøpt av Knut Andersson Gjerde som var son til eigaren av plassen.

For Mons låg det i alle fall i korta at tida på Slåtta var over, og han måtte finna andre måtar å livnæra seg på. Tidleg viste han interesse for fiske og livet på sjøen, og dette vart vel nesten som eit kall for han. Likevel kom det snart eit anna vendepunkt i livet hans, livet på Steintveit.

På Steintveit

På Steintveit budde morbroren til Mons, Lars Monsson Steintveit. Han var endåtil gift med den eldre halvsøstera til Mons, Seselia Knutsdotter Gjerde, så her var det sterke familieband. Tanken var nok at Mons skulle få kjøpa garden etter at onkelen var død, men i 1892 selde kona Seselia garden til Ola Johan Samdal frå Fana. Han var òg av den same slekta, men han kom aldri til å bu på garden. I 1901 vart garden igjen seld til Peder Nordbø, som var gift med Barbra Johannesdotter Steintveit. Ho var barnebarnet til Anders Steintveit, som var onkel til Slåtte-Mons'n, så på den måten vart garden verande i slekta. Dette er den garden som i dag vert kalla «Pedersjorda» på Steintveit.

På Steintveit fann Mons seg òg kone, søskenbarnet Synneva Monsdotter Steintveit. Då Mons og Synneva gifta seg 5. desember 1885, var dei begge to nær 50 år gamle. Dette gav sjølvsgt rom for folkesnakk og ein lokal rimsmed laga derfor eit eige vers om dei to:

*Slåtte-Mons med den røde luen,
og Synneva skal være fruen.
Presten Wille skal vie dem sammen,
og klokker Kvammen skal si amen.*

Slåtte-Mons'n gjekk alltid med ei raud topphue, eller «stryta», som dei òg kalla det på den tida, så det var forklaringa på den første verselina. Presten Wille, eller Fredrik Wille som han heitte, var nyleg tilsett som prest i Os og Samnanger. Han vart også kjend for å lika sterkt drikke. «Klokker Kvammen» var den Kristoffer Kvammen som var lærar og kyrkjesongar i Nordbygda. Det var han som bygde seg hus på Ådland i det som sidan vart heitande Kvammahaugen.

På Steintveit dreiv Mons og kona Synneva jorda som best dei kunne, og i 1890 hadde dei 7 kyr og 7 sauer. Samstundes var Mons svært mykje ute på fiske. Han var vel kjend i fjorden både for å driva fiske, men like mykje for å ha ei uvanleg kraftig røyst. Når han var på veg inn fjorden, så kunne ein ifølgje Hans Røen, eller «Røss-Hans'n», høyra ljomen av han langt oppe i Rødsmarka. At han var høggrøysta, kom òg vel med seinare etter at han flytta til Skutevika. Rett som det var, ropte han over fjorden

til handelsmannen på Gaupholm, Brigt Brigtsen. Slik kunne dei føra samtaler frå kvar si side av fjorden, noko som sjølvstøtt resten av fjorden der ute òg fekk med seg. Det kunne i alle høve ikkje vera så hemmeleg, det dei snakka om.



*Solide murar i Skutevika gøymar mange minne.
(Foto: Svein O. Aadland, 2022)*

Tida i Skutevika

Det at han ikkje eigde garden og hadde meir hug til å driva med fiske, gjorde nok sitt til at dei valde å flytta til Skutevika i 1898. Her kunne han òg driva med anna småarbeid som å laga tiner og øskjer av tre. Den eldre søstera, Seselia, som hadde hatt garden på Steintveit, måtte òg flytta med Mons og kona Synneva til Skutevika. I Skutevika, som var husmannsplass under Øvre-Kvernes, hadde det budd folk heilt frå ca. 1780 og framover til 1895, då den siste husmannen Nils Monsson Kvernes døydde. Huset som stod på staden, var ikkje av dei minste husmannsstovene i bygda. Murane, som framleis står der i dag, syner at det var heller godt om plassen inne i huset. I kjellaren var det òg mogeleg å ha husdyr, om ein hadde det. Framføre huset planta Slätte-Mons'n epletre, og dei hadde nok òg ein potetåker til eige bruk.

Staden var nok midt i blinken for Slåtte-Mons'n, med fritt utsyn mot fjorden og kort veg til sjøen. Dessutan var det ei føremon at fjorden sjeldan fraus til så langt ute, så ein kunne driva med fiske mest heile året. Husdyr hadde Mons og kona Synneva ikkje, då det var heller lite innmark kring husa. Bakkane rundt huset vart slegne, men føret vart ført til Øvre-Kvernes. Mons og Synneva tok nok del i slåttan, for det vart herma etter Slåtte-Mons'n: «Sydnevo e so flink te å rusa». Når dei skulle hesja, så greidde ho alltid å fylla hesa anten det var godt eller dårleg med gras. Kjellaren under huset brukte Slåtte-Mons'n til å fylla opp med rekved som dreiv opp i vika. Annan ved hadde dei ikkje. Vika ligg slik til at når vinden frå syd står beint inn fjorden, så rek det stadig opp mykje trevirke og anna drivgoods der.

Brannen i 1903

Etter å ha budd i Skutevika i fem år, så vart Mons og Synneva ute for ei tragisk hending. Skjærtorsdag 1903 hadde dei gått til gudsteneste i kyrkja på Ådland. Mange gonger før hadde dei teke denne turen, og det hadde alltid gått godt. Denne dagen gjorde det ikkje det. Då dei kom heim frå kyrkja, så var huset brunne heilt ned til grunnen. Alt dei eigde og hadde, låg no i ruinar. Folket på Øvre-Kvernes, som hadde sett at det begynte å ryka frå Skutevika, gjekk fram på brotet over vika og såg kor raskt brannen greip om seg. Dei kunne sjå korleis dei rosemåla kistene som var komne frå Steintveit, datt ned i grunnen og vart borte. Folket på Øvre-Kvernes kunne heller ingenting gjera for å redde noko, til det var brannen kome for langt. Seinare fortalde dei ofte at dei meinte at brannen var påsett, og at dei hadde sett fotspor i snøen på vegen ned til Skutevika tidlegare på dagen. Det kom nok aldri opp kva årsaka til brannen var, men rykta gjekk i mange år etterpå. Som ved eit lite under vart ei bruredalarkjede som var utlånt til eit bryllaup under brannen, det einaste som ikkje kom bort. Kjeda eksisterer framleis hos slekta i Bergen.

Nytt hus

Straks etter brannen måtte Mons og Synneva syta for å få opp nytt hus. Huset vart sett opp på den same solide grunnmuren. I første høgda var det stove og ein stor gang i eine enden. Frå gangen gjekk det trapp opp til lemnen. Mons og kona Synneva hadde soverom på lemnen, og søstera Seselia sov i stova. I stova gjekk elles alt føre seg, matlaging, bøting av garn og anna heimearbeid. Nokre år etter brannen vart kona Synneva dårleg og sengjelliggjande. I 1910 døydde ho, og alt vart mykje verre for dei to som var igjen. Til all lukke så ville søstera til Mons, Synneva Reistad, eller «Hamna-Sydnevo» som ho og vart kalla, koma til Skutevika for å stella huset for dei. Ho kom i 1911, og her vart ho verande til ho døydde i februar 1915.



*Vetla-Skutevika, der Slätte-Mons'n kasta etter sild.
(Foto: Svein O. Aadland, 2022)*

Bestemor mi, Ingrid Kvale, som var barnebarnet hennar, fortalde ofte frå tida i Skutevika. Ho hadde mange gode minne derifrå og hugsa godt til Slåtte-Mons'n og søstera Seselia. Frå ho var 6 år gamal, gjekk ho ofte åleine vegen frå Heiane på Reistad og til Skutevika gjennom Kvernesmarka. Det var vel ingen som hadde våga å sleppa ei lita jente på slike vegar i dag! Ho kunne hugsa at Slåtte-Mons'n var overtydd om at det budde «underjordiske» i berget under Øvre-Kvernes, og eg trur at det sette fantasien i gang hos den vesle jenta. Ein gong hadde han funne ein flott leikebåt med segl som var reken i land i vika. Den fekk jenta med seg heim. Ein annan gong fortalde ho at ho og bestemora, Synneva, måtte vera med å kasta etter sild i Vetla-Skutevika. Ho og bestemora stod på den eine sida, og Mons'n stod på den andre. Ein kan vel berre tenkja seg at det vart noko høgrøysta med Mons'n som skulle dirigera dei andre. Når dei skulle handla, så var det berre å ro over fjorden til Gaupholm. Der fekk dei alt dei trong. Kanskje hadde Slåtte-Mons'n alt ropt over fjorden til handelsmannen, Brigt Brigtsen, om kva dei ville ha?

Den siste tida

I februar 1915 døydde søstera, Synneva, som hadde stelt for Slåtte-Mons'n, og det vart svært vanskeleg for dei to som var igjen. Den eldre søstera, Seselia, var vorten nesten heilt blind og sat stort sett i ein gyngestol og kunne lite gjera. Søsterdottera, Knutina Reistad, måtte difor stadig oftare hjelpa til, men det var vanskeleg då ho hadde meir enn nok med gardsarbeid og arbeid i brusfabrikken på Reistad. Hausten 1915 døydde gamle Seselia, 94 år gamal. Mons vart då heilt åleine i Skutevika. På same tida vart det konstatert at han hadde fått kreft og stadig vart svakare. Søsterdottera, Knutina Reistad, tok han då heim til seg på Heiane på Reistad tidleg i 1916. Han hadde fått påvist kreft i ein arm, og det var nok i ferd med å spreia seg. Legen hadde sagt til han at dei kunne amputera armen. Det ville han slett ikkje. Han hadde svart at den armen var han fødd med, og den armen skulle følgja han i grava. Og slik vart det: 11. april 1916 sovna han stille inn på Reistad, vel 80 år gamal.

Korleis gjekk det med Skutevika?

Etter at Slåtte-Mons'n var død, gjekk plassen tilbake til garden på Øvre-Kvernes. Huset vart selt på auksjon, og skal etter det som vart sagt, ha vorte flytta til Nygård. Johan Lie Berge, eller «Hjedla-Johan'n» som han òg vart kalla, sette opp nytt hus der, og den eine stova skal altså vera flytta frå Skutevika. Bakkane i vika vart seinare slegne av folket på Øvre-Kvernes, så lenge dei makta det. Etter at den siste brukaren på Øvre-Kvernes, Anna Kvernes, døydde i 1991, vart Skutevika overteken av Samnanger kommune.

Framleis kan ein sjå spora etter dei som budde der. Dei solide murane talar sitt språk, og utruleg nok står framleis eit av epletrea som Slåtte-Mons'n planta for over hundre år sidan. Måtte ein ta vare på dette minnet for ettertida!



Foto: Svein O. Aadland, 2022

Småbyen som forsvann

av Tor Wold

I 1910 budde det 812 personar på Tysse. Kor vart det av dei alle då fabrikkjen brann?

Før 1814 var folketalet i Noreg om lag stabilt. Barnekulla var store, men mange døydde alt som born. Gjennomsnittleg levealder var berre 35–40 år. Etter at Noreg vart sjølvstendig i 1814, dobla folketalet seg på 50 år.

Dei viktigaste grunnane til at folketalet auka slik, var kanskje at det var slutt på dei stadige krigane i Europa. Med dette vart tilgangen på importert korn betre. Samtidig gjorde ny teknologi at fiskeria tok seg opp, og jordbruket vart meir produktivt med innføring av betre dyrkingsmetodar.

Med betre ernæring auka motstandskrafta mot sjukdomar. Men framleis fekk folk 5–6 born i snitt. Difor auka folketalet kraftig. På bygda vart det trøngt om plassen. Mange gardar vart delte i stadig mindre bruk, og talet på husmannsplassar auka. Auken i folketalet kunne lett ført til fattigdom og svolt. Det som berga situasjonen, var utvandring til Amerika og framveksten av industri, som skaffa arbeid til folk.

I 1886 starta Samnanger Uldvarefabrik på Tysse, og Tysse vart ein «industriby». Folk flytte hit frå nabokommunane, for her var det arbeid å få. Kraftutbygginga i perioden 1909 – 1911 gav også mange arbeidsplassar. I 1910 budde det 812 personar på Tysse, på strekninga frå Hagamulen til Barmen.

I 1930 var folketalet på Tysse 656 personar. Men så, i 1931 brann fabrikkjen ned til grunnen, og i det næraste tiåret sokk folketalet kraftig. Kor vart det av dei? Lat oss sjå nærare på tre familiar, som kan illustrera korleis det gjekk.

Nyutløræet var ein husmannsplass under Langeland, med store barnekull. Olav Andersen Nyutløræet f. 1842 og Pernilla Knutsdtr. Kleivane hadde 8 born: to jenter og seks gutar. Dei to eldste gutane fekk



overta kvar sin halvpart av Nyutløræet. Men også nummer 3 og 4 var gutar. Me skal no følgja familiane til desse to gutane, Kristian og Olav, og familien på garden Fiske, der Kristian si kone kom frå.

Den eldste av dei to, Peder Kristian Nyutløræ, var fødd i 1870. Han kalla seg berre Kristian, og både han og broren Olav skifta seinare etternamn til Langeland. Me skal følgja desse to gutane sine familiar. I 1907 gifta Kristian seg med Agathe Fiske.

Den tredje familien er Agathe sin familie. Ho kom frå garden Fiske, som etter vår målestokk var ein mellomstor gard. I 1910 kjøpte «Bergens Kraftanlæg» garden, og demte han ned. Foreldra og åtte av borna drog til USA, der dei fekk seg gard i Sør-Dakota. Dette var ein stor farm, mykje større enn Fiske heime i Samnanger.

Av denne familien var det berre Agathe som vart igjen, og ho gifta seg altså med Kristian Langeland. Agathe og Kristian fekk fem born, men i mars 1917, før den yngste var fylt året, døydde Agathe, og dei fem borna vart morlause.



*Agathe, f. Fiske, med dei
tre eldste borna.*

I 1915 flytte Kristian og Agathe til Tysse, og frå 1916 budde dei i «Stamneshuset» i Tyssebakken. Her heldt Tysse Brød og Handelslag til. Huset vart også kalla «Foreningen» fordi Handelslaget heldt til der.

Kristian sin yngre bror, Olav, vart fødd i 1873. Han kalla seg Ole, og også han tok altså namnet Langeland. Han gifte seg med Bertilla Totland, og fekk seks born.

Då Kristian og Agathe flytta inn i Stamneshuset, budde allereie veslebror Olav og familien hans der. Huset, som no er ny-oppussa, ligg rett over vegen for SAFA. I dag har huset adressa Ytre Tysse 16.



Tysse 1899. «Stamneshuset» er markert.

I folketeljinga for 1920 bur det tre familiar i «Stamneshuset». Det er bakaren John Andreas Larsen, med kone og fem born. Han driv bakeriet. Så er det Olav Langeland og kona, med seks born, og til slutt enkemannen Kristian Langeland, med fem born og hushalderske. Til saman bur det 22 personar i det vesle huset. Både Olav og Kristian er steinarbeidarar, og er mykje vekke på anlegg. Dei arbeidde både på kraftanlegget i Samnanger, og på veganlegg.

Dei to Langelandfamiliane består av:

Kristian Langeland f. 1872, Alfred f. 1906, Pernella f. 1908, Ole f. 1910, Sigmund f. 1912, Kristian f. 1916.

Olav og Bertilla Langeland, f. 1873 og 1879. Ole Andreas f. 1899, Gerda Pernilla f. 1901, Johannes f. 1904, Peder Severin f. 1907, Anders Martin f. 1910 og Gunnar f. 1918. Ole Andreas er i 1920 oppført med yrkestittel «Chauffør».



*«Stamneshuset», «Foreningen» eller Handelslaget på Tysse.
I det vesle bygget ligg bakeriet.*

Då fabrikkjen brann, flytte begge Langelandfamiliene i Tyssebakken vekk, for å finna arbeid. Ytre Arna hadde ei konkurrerande tekstilbedrift, og etter brannen fekk fabrikkjen der nok å gjera. Dei kunne tilby arbeid til mange av dei arbeidslause frå Tysse. Ytre Arna var allereie eit stort samfunn, og der var det også mykje anna arbeid å få.

Ole Langeland f. 1899, den eldste sonen til Olav, starta transportfirma i Ytre Arna, med eigen lastebil. Han tilsette dei to yngste brørne sine, Anders og Gunnar, og kalla firmaet Langeland transport. Den eldste søstera, Gerda, fekk arbeid i «Arne fabrikkjen». Johannes, emigrerte til USA, og fekk jobb som konditor. Kanskje han hadde lært eitt og anna i bakeriet i Tyssebakken? Den siste broren, Peder, flytte til Bergen, der han fekk seg jobb som snekkar ved BMV – Bergen Mekaniske Verksteder.

Langeland transport har halde fram heilt til no. Frå 1979 var det 3. generasjon som dreiv firmaet vidare. Det er Ove Hjortland og søstera Hennie Svoldal som har drive i lag med mannen hennar, Rune Svoldal. No sel dei firmaet etter at dei har drive det i over 40 år.



O. Langeland transport hadde tidleg tre bilar.

Etterkomarane etter Kristian Langeland var ikkje dårlegare. Kanskje vart dei inspirerte av søskenbarnet, som starta Langeland Transport. Etter kvart flytta også alle Kristian sine born ut av bygda. Eldstemann, Alfred, fekk jobb for G. Aasgaard, som truleg var den første «supermarknaden» i Noreg. Han fekk jobb med sal og produksjon av flatbrød. Dei to yngste flytta også til Ytre Arna. Sigmund fekk transportoppdrag for G. Aasgaard.

*Sigmund
Langeland i
G. Aasgaard
sin bil,
på Aasgaard
sin kai i
Ytre Arna.
Ca. 1932*



Kristian, som vart morlaus før han var året, budde som barn hos fleire forskjellige familiar. Etter konfirmasjonen fekk han arbeid i Eikelandssosen, hos Bjelland hermetikk. Seinare vart han vikar for bror sin, med køyreoppdrag for G. Aasgaard, før han også vart fast tilsett. Då G. Aasgard gjekk konkurs, hadde dei to alt overteke bilane. Dei køyrde heretter med egne bilar for fleire firma. Sigmund køyrde mykje for Norpapp, og Kristian for NSB, som var hovudtransportør for Toro.

Sigmund sin son overtok etter faren og køyrde for Norpapp, mens Kristian sin son, Per Kristian, køyrde for Toro, der han fortsette som transportkoordinator, til han gjekk av med pensjon.



Kristian, Pernille Alfred, Ole og Sigmund Langeland, 1981.

Folkeregisteret fortel at søstera Pernilla i 1920 hadde arbeid i Samnanger Uldvarefabrik. Kva ho gjorde då fabrikkjen brann, veit me ikkje, men då ho og faren flytta til Ytre Arna tidleg på 1950-talet, fekk ho ansvar for reinhaldet på Ytre Arna skule. Det var berre broren, Ole Langeland, som fann seg andre beitemarker. Han gifte seg og slo seg ned i Hardanger.

Me har følgt 11 Langelandbarn som vaks opp i Tyssebakken. 10 av dei enda i Ytre Arna og ein i Hardanger. Dei var vaksne då dei flytte til Ytre Arna. Heile livet heldt dei god kontakt med vener og kjente i Samnanger. Alfred etterlet seg dagbøkene sine og fortel mellom anna livleg om turar han hadde til Kvitingen i lag med søskenbarnet, Magnus Kvittingen.

Den raske folkeveksten i Noreg etter 1814, let seg løysa med emigrasjon og industrialisering. Då industrien forsvann frå Tysse i 1931 var gode råd dyre. Mange hundre menneske på Tysse og elles i bygda miste livsgrunnlaget sitt ved fabrikkbrannen i 1931, og svært mange flytte frå kommunen. Ingen frå dei to Langeland-familiane våre bur i dag i Samnanger. Heller ikkje nokon frå Fiske-familien er tilbake. Alle reiste anten til USA, Arna eller Hardanger for å finna betre kår.

Minne frå barneåra på Tysse

av Alfred Langeland

Alfred Langeland (f. 1906) er omtala i den førre artikkelen. Han er fødd i Nyutløtræ som den eldste av fem søsken. Som vaksen flytta han til Ytre Arna, der han fekk jobb for G. Aasgaard, som kanskje var den første «supermarknaden» i Norge. Der jobba han med produksjon og sal av flatbrød. Han hadde ikkje eigne born. Han fylte 80 år den 26. mai 1986, og då heldt han tale til familien om livet sitt. Me har fått låna manuskriptet, som me gjev att her, lett redigert.

Sidan me feirar ein gammal mann i dag, vil eg fortelja litt frå barndomen min. Eg er fødd i 1906 på Fiske i Samnanger, der mor er frå, og eg har budd fire forskjellige plassar før eg vart 10 år gamal. Difor kan eg så godt tidfesta opplevingar som eg hugsar.

Dei første fem åra budde me på Nyutløtræ, der far er frå. Nyutløtræ var frå først av ein husmannsplass under Langeland. Farsgarden vart delt mellom dei to eldste brørne, Anders og Knut. Me budde på ein kvist hos onkel Knut i fem år. Merkeleg nok hugsar eg ein heil del frå denne tida.

Begge brørne til far hadde store familiar. Anders fekk berre jenter, og Knut nesten berre gutar. Dei brukte store rosemåla skåler til grautfat, og alle åt or same fatet. Eg ser for meg ei sprukken skål. Dei hadde drillar to hol, og sett streng i – dei kalla det ein krampe – for at skåla ikkje skulle gå heilt i sund. Ho heldt ikkje tett for vatn, men ålreit for grauten. Det var glasbrot av slike skåler me brukte til leiketøy. Dei førestilte husdyra på garden. Eg har aldri fått eit einaste leiketøy i min barndom.

Det vart aldri kjøpt brød. Brødmaten vår var ein sekk med mjøl, og av den bakte dei flatbrød, lefse og kaker. Det hende vel at dei vart lens for bakst. Eg ser i alle fall for meg gutane til Knut som tok mjøl og vatn, og blanda til ein deig, som dei steikte på dei varme omnsringane. Det må ein kalla usyra brød – eit slags nattverdsmåltid. Dei hadde sirup på kakene, og det var med andakt dei nytte maten.



I Nyutløtræ. Far i midten, mellom brørne Anders og Knut.

Syskena mine, Pernella og Ole, vart fødde på Træet – (me brukte ikkje å kalla det Nyutløtræ). Så i 1911 flytta me nokre kilometer nedover til Langeland, til ein kvist hos bonden Knut Langeland. Frå der minnest eg spesielt eit par ting:

Eg fekk koma ned i stova til bonden, og der fekk eg for første gong smaka ei skive av kjøpebrød. Den gode smaken står enno for meg.

Det andre eg vil nemna er at det gjekk ein liten bekk forbi huset. Det låg nokre store takheller ut i bekken, som kvinnfolka stod på når dei vaska klede. I desse hellene var det hol til å festa dei på taket. Ei dotter i huset – Barbra – gjekk til Tysse og handla. Ho hadde kjøpt ein svartmåla ongel til meg. Eg knytte taum på, tredde makk på ongelen, og slepte han ned gjennom eit hòl i takhella. Eg fekk napp med éin gong, men auren gjekk ikkje gjennom hòlet. Eg miste både auren og ongelen! Katastrofalt – eg hugsar det svært godt.

Onkel Nils, bror til mor, kom på besøk frå Amerika mens me budde der. Han hadde med seg ein grammofon med rullar – ikkje plater – ein

sensasjon då. Diverre brann denne opp på Tysse. Bror min, Sigmund, vart fødd på Langeland i 1912, så no var me vortne fire born + mor og far, på eit lite kvistrom.

I 1912 flytta me for tredje gongen, sjøvegen frå Haga til Tysse. Me flytta til to små kvistar i Gurohuset oppe på garden på Ytre Tysse. Bonden køyrde oss frå Langeland med hest og karjol. Det var berre mor og me borna. Far var alltid vekke på arbeid. Vegen gjekk om Ilaget – det var litt nifst – og ned Tømmerløypet. Den første garden me kom til, heiter Paradiset. Der såg eg for første gongen eit epletre. Det måtte vera om hausten, for greinene hang nedtyngde av raude, fine eple. Eg tippar det må ha vore «Rosentrips». Desse freistande epla i Paradiset, som i følge Bibelen fekk slike skjebnesvangre følgjer for menneska. Då kom synda og døden inn i verda. Så samningane har ein avleggjar av både Paradis og den freistande synda!

På kvisten i Gurohuset var den eine skråveggen kledd med tjukk stiv papp, festa berre oppe og nede. Om hausten blæs det alltid så kraftig austavind der på Tysse. Store takheller klappa på taket i stormkasta, og pappen bula seg ut attmed senga mi, og small inn att til veggen. Eg vart vettskremd.

Oppe på Tysse om lag år 1900. Gurohuset i bakgrunnen.



Det fraus is på åkeren på Tyssegarden om vinteren, og far kjøpte snabelskeiser til meg. Eg hugsar eg vart veldig glad!

I 1913 byrja eg på skulen hos lærarinna på Tysse. Mor fylgde meg inn i Vikjæ. Så i 1916, flytta me for fjerde gong. Då flytta me ned til Stamneshuset, nede på Tysse, til ei skikkeleg leilegheit med stove, kammers og kjøken, og ein kvist oppe. Kristian vart fødd der i 1916. Mor døydde i mars 1917, 34 år gamal. Eg hørde at mor sa til far på dødsleiet: «Du må ta vare på borna.»

Det var enno ikkje kome elektrisitet i husa. Om haust-kveldane vart det stomlande mørkt, så du såg ikkje neven føre deg. Det var sett opp lyktestolpar langs vegen – ein stod nett nedanfor huset me budde i. Åsa-Johan var lyktemann, som gjekk rundt med fyrstikker og kveikte parafinlampane. Han hadde langt, kvitt skjegg nedover brystet. Eg ser han for meg i lampelyset, denne svarte mannen med det kvite skjegget. Han likna eit spøkelse!

I stova heime hang ei parafinlampe. Det vart berre leselys rundt bordet. Du måtte ha liten veik på når du tende lampen, elles sprakk lampeglasset. Og det gjorde det ofte. I 1919 fekk me elektrisk lys med glødetrådar inni ei blank pære, og me fekk lys i alle rom! Det var berre å skru på ein brytar, og så vart det mest som eit måneskin!

Strykejarnet hadde skorstein som likna eit vikingskip i baugen. Me tok glør or omnen og putta i jarnet. Og så bles me luft til me fekk tårer i auga av røyken.

I 1917 kom den første bilen til Samnanger. Det var Tomas Aadland, som kom frå Amerika, som køyrde. Han ville driva rutebil mellom Trengereid og Øystese. Dette hadde ikkje eg høyrte noko om. Eg var i Tyssevika då dette «bestyret» kom trillande på vegen av seg sjølv, utan hest framom! Bortsett frå handvogn, hadde eg hadde aldri sett noko køyretøy som gjekk utan hest. Eg halsa utover etter den gode bensinlukta. Kompresjonen i dei dagar var berre 1 på 4. Dette gav dårleg forbrenning, og ei eiga god lukt, tykte eg.



Dodge 30-35 med reg. nr. R84 (t.v.) var første bilen i Samnanger.

Eg vart så imponert over dei fine mønstera som gummihjula laga i den våte veg-grusen. I den skarpe svingen ut frå Tyssebrua og nedover var det plutselig vorte fire spor – dette gjekk over min forstand. Eg hadde berre sett kjerrer med to hjul.

Nede ved Røsselands-krambua sto bilen heilt i ro. Kalesja låg nedslegen bak og såg ut som ein trekkspel-belg. Det var ein amerikansk Dodge. Folk samla seg kring bilen, og ein gut strekte handa mot girstonga. Eg sa frå: «Du må ikkje – han begynner gjerne å gå.»

Eigaren var inne på krambua, der det hang like mykje varer i taket som det låg i hyllene. Om ei stund kom norsk-amerikanaren ut att – med svarte «skinn-leggisar» frå skorne og opp til knea – han hadde ridebukser, og på hovudet ei sjåførhue med svart-lakkert skugge og bilmerket Dodge. I munnen hadde han mykje gull. Eg hadde sett amerikanarar før med gull i tennene, så eg innbilte meg at i Amerika er folk fødde med gulltenner!

Han sette på passeleg tenning og handgass på rattet, og sveiva slik eg hadde sett dei gjorde med slipesteinen. Bilen begynte å dirra og rista – det var for mykje gass. Han var snar og sprang til og fekk roa bilen ned. Eg skulle hatt eit video-opptak av oss, som sto måpande igjen, då doningen begynte å gå av seg sjølv. Eg hadde ikkje aning om kva som var under panseret på bilen. Motor var eit framandord for meg. Eg visste berre om oppfyringsmaskin i båten.



Bileigaren, Thomas Aadland, med sjåførhue og «leggisar».

Seinare, då det var komen litt nysnø, kom ikkje denne bilen opp Storevegen (Tyssebakken?). Sjøføren lét bilen stå midt i vegen – det var ingen trafikk – og så gjekk han ned på krambua og kjøpte «børatøg» (tjukt tau), som han surra rundt bakhjula.

Me var ikkje bortskjemde med musikk. Me gjekk i 17. mai-tog utan hornmusikk. Ein av husmorvikarane far skaffa oss, hadde ein svartmåla harpeleik. Det er ei flat kasse, der alle strengane på eit piano er trekt utover. Ingen kunne stemma harpeleiken. Og ho klunka og song med lange slepande sløyfer: «Igjennom verden går et tog av ødelagte kvinner – kom hjem – kom hjem – kom hjem.»

Me gjekk to kilometer inn til Nils Haga og sto utanfor huset hans og lytta. Berre lyden i trekkspilet hans var tilfredsstillande. Eg har aldri vore så musikalsk verken før eller seinare. Men det gjetast at i Blinningshuset i Vikjæ, der hadde dei fått radio. Så var det om kveldane å stå utanfor – ja me gjekk inn i gangen også, for å tjuvlytta. Det var så vidt du kunne høyra lyd, men det var så eventyrleg og mystisk, syntest me.

Eg hadde sett stumfilm heime på Tysse. Ein mann stod midt i salen og handsveiva på filmapparatet, og ein annan mann stod attmed scenen og spela nasjonale songar på ei fele: «Millom bakkar og berg» og «På solen jeg ser». Dette synkroniserte han med landskapet på filmen. Men så fekk eg vera med far til byen, og fekk sjå lydfilm. Me fekk sjå og høyra dei som spelte – høyra at levande menneske prata, og høyra at dei gjekk i trappene. Eg vart svært imponert.

Eg hadde ikkje peiling på fly då eg første gong såg at tre militærfly kom langsamt inn fjorden ved Gaupholm, svinga over Førøyodden og fór ut att. Eg ville ikkje tru mine egne auge, eg trudde at eg såg syner.

Så kom nyheita om at i Amerika hadde dei fått televisjon (fjernsyn). Eg bad i mitt stille sinn om at eg måtte få oppleva det også. Og no har me fått musikkanlegg, kassetar og video, og me har fått data-alderen med transistorar, computerar og EDB. Astronautar og folk på månen, og rutefly over alle hav.

I 1927 ekserserte eg i militæret på Ulven utanfor Os – militætenesta på den tida varte i 24 dagar. Me lærte å setja opp piggrådsperring for å stoppa fienden. Ein stavhopper ville lettvent ha byksa over. Det var verst for oss som skulle setja det opp; Me stakk oss til blods på fingrane.

I dag, berre 60 år seinare, førebur amerikanarane stjernekrig med laserstrålar, 40 000 km ut frå jorda, i luftomt rom. Og ikkje å gløyma atombomba.

I min generasjon har alt dette skjedd, for meg første gongs opplevingar. Eg hugsar den første verdskrigen 1914–1918, og den andre frå 1940–1945, og atombomba! Desse 80 åra har hatt ei eksplosiv utvikling i menneska si historie. Det har på mange måtar vore eit privilegium å få vera til i min generasjon. Eg føler at eg har stått med den eine foten i mellomalderen og den andre i romalderen.

Og her er eg – dette er litt av det som er arkivert oppi dette hovudet mitt.

Alfred Langeland

26. mai 1986

Husmannssonen som fekk eigen gard

av Tor Wold

Denne historia har grunnlag i intervju med Nils Nordbø, og på Nils Kolle sin artikkel i Os- og Fusaposten: «Bjergane. Eit 100-års minne». Me skal gjennom fire generasjonar følgja ein familie, som levde av jorda, men som takka vere sosiale forhold måtte finna seg ny gard for kvar generasjon.

På 1800-talet vaks det norske folketalet kraftig. Det vart trongt om plassen og om levebrødet. Folk greidde seg på forskjellig vis. Nokre dyrka opp eit lite bruk på det som tidlegare var ei seter eller ei utslåtte. Slik kunne nye husmannsplassar oppstå.

Mange gardar i Noreg hadde fleire husmannsplassar. Ein husmann fekk kontrakt på å bruka plassen, oftast mot pliktarbeid på garden. Ei slik kontrakt kunne seiast opp, og då måtte husmannen forlata plassen. Dei som åtte jorda fekk mykje makt over dei «jordlause». I dag er desse plassane anten vortne eigne gardsbruk eller er fråflytte, og me kan ofte berre sjå ein mosegrodd haug med stein i terrenget. Kanskje ser me restane av ein omn i midten, som teikn på at det her har budd folk.



Husmannsplassen Bjergane i mars 2021. Foto: Nils Kolle

Tøena

Når ein passerer Vassenden på veg opp til Grønsdalen, ser ein opp ei bratt slukt, Tøgjelet. Ved sida av gjelet ligg eit område der ein kan setja opp ei stove. Og i området kring dette er fjellsidene ganske fruktbare. Men plassen hadde ei vesentleg ulempe: Han låg utsett for snøras.

Tøena hadde god jord og godt beite. Derfor freista fleire likevel å bu der trass skredfaren. Den første me kjenner til, var tipp-tipp-oldeforeldra til Nils Nordbø, Tomas Johannsson Høysæter, f. 1752, og Brita Hognesdtr. Jarland. Dei slo seg til i Tøena om lag 1790, og fekk 12 born, som alle levde til vaksen alder.

Ein av dei, Nils f. 1791, tok over Tøena i lag med kona, Ågota (Agate) Andersdotter frå Ådland. Dei fekk seks born. Også i denne barneflokken vaks alle opp. Dette at alle ungane overlevde, er verd å merka seg – det var uvanleg på denne tida.

Kanskje vaks alle ungane opp fordi dei hadde gode kår i Tøena. I bygdesoga les me at i 1865 vart det fostra 9 kyr, 9 sauer og 11 geiter. Dette var buskap på størrelse med det dei hadde på Ådlandsgardane. Den einaste forskjellen var at gardane på Ådland hadde hest. I Tøena var terrenget så bratt at ein fekk vera hest sjølv. Trass gode avlingar valde Nils og Ågota seinare å flytta til ein tryggare plass, der skredfaren var mindre. Dei fekk flytta til Slåtta, ein annan husmannsplass under Høysæter.

Det var kanskje då Nils og Ågota budde i Tøena, at snøskredet tok husa. Heldigvis gjekk det ikkje liv. Dei hadde bygt like attmed den bratte skrenten der elva kjem ned, og held fram ned Tøgjelet. Me ser enno tuftene der attmed elva. Seinare vart husa flytte til ein tryggare plass.

Men det var ikkje slutt i Tøena. Det var den nest eldste dottera som tok over. Ho heitte Margreta og var fødd i 1827. Ho er oldemora til Nils Nordbø. Johannes Steinson frå Haug, som ho gifte seg med, fekk husmannskontrakt på Tøena. På sine gamle dagar flytte dei òg til Slåtta. Der var det trygt å bu. Etter at dei flytte frå Tøena i om lag 1889, har det ikkje budd folk der.

Margreta hadde ei yngre søster dei kalla Siri (Nils Lauvskard kallar henne

Sigrid i bygdeboka), f. 1831. Ho er oldemor til Solveig Vassenden. Nokre hevdar at dette er den Siri som har gjeve opphav til ”Tø-Siri-slåtten”. Men i 1857 fekk Johannes og Margreta ei dotter som òg vart kalla Siri (eller Sigrid, jf. bygdeboka). Det er nok heller til henne ein har laga den vakre slåtten, som me kan høyra Peder Ådland spela i videoen «Feletradisjonar i Samnanger». (Sjå heimesida www.samnanger-historielag.no).

Steinhushaugen

Nils Høysæter, den eldste sonen deira, er farfar til Nils Nordbø. Han var fødd 1848, og var eldst i det siste barnekullet som vaks opp på Tøena. Han vart gift med Eli Danielsdotter frå Tveiterås, og dei busette seg i Steinhushaugen. Om det var trygt der, så var jorda karrig og tungdriven.

Eli fødde tre jenter og éin gut frå 1876 til 1888. Yngstemann, Johan, var berre to år då mora døydde i 1890. Nils kunne ikkje klara seg åleine med fire ungar, og same året gifte han seg igjen, med den fem år eldre Anna Marie Børdal. Dei to fekk ikkje egne born. I 1918 vart Nils enkjemann enno ein gong. Han gifte seg tre år seinare med Hanna Eliasdotter Skar, og dei fekk ein son, Anfinn Bjergene, f. 1922.

Bjergane

I midten på 1890-åra flytte Nils Høysæter og den nye kona, frå Steinhushaugen til Bjergane, som ligg sør-aust for Sævild, no rett over grensa til dagens Bjørnafjorden kommune, men den gongen låg begge plassane i Os kommune. Dei fekk husmannskontrakt i Bjergane, og tok namn etter plassen.

Nils Nordbø er altså barnebarnet til Nils Høysæter. Han fortel om far sin, Johan, at då dei flytte til Bjergane, hadde han som oppgåve å bera kaffikjelen. Kanskje hadde dei båtskyss frå Haga til Sandvik, men turen må likevel ha vore dryg for vesle Johan.

I 1900 hadde dei to eldste borna til Nils flytt ut, jamfør folketeljinga i Bjergane budde då berre Nils og kona med dei to yngste borna til Nils, Ingeborg, f. 1884, og Johan f. 1888.



Bjergane 1908. Fotograf John Berhard Rekstad.

Bjergane ligg i utmarka til Ådlandsgardane i Fusa, og er felleseige. (Gardsnamnet Ådland finst både i Samnanger og Fusa). Plassen ligg like aust for Ådlandssetra. Jorda var god, flat og lettdriven, og Johan og kona fekk eit enklare liv.

Det var mykje dyr i marka på den tida, og utan inngjerding skjedde det nok ofte at fe frå andre gardar åt av beitet til Ådlandsbøndene. I ei gamal festekontrakt for Bjergane finn me eit spesielt punkt: Festaren skal gjera seg «*al mulig flid for at bortrende fra Ådlands nordre Sæterbeite alt fremmed fe og heste, som dertil maatte indtrænge*». Her ser me eit døme på at ressursane vart knappe etter som folketalet steig, og at det kunne oppstå konflikhtar rundt tilgangen på utmarksbeite.

I folketeljinga år 1910 er både Nils og sonen, Johan, registrert med fehandel som attåttnæring til jordbruket. Det var mange som kjøpte



Bjergane i mars 2021. Foto: Nils Kolle

ungdyr om våren, og hadde dei gåande i fjellet heile sommaren. Slikt driftefe må ha vore eit vanleg syn i fjella på den tida. Om hausten skulle dyra seljast, som livdyr eller slaktedy. Like nord for Bjergane ligg Vadet, eller Kjøpmannsvadet, der det i eldre tid var samling av driftefe, og der folk møtte opp for å kjøpa seg ei drektig kvige eller ku. Elles vart mykje av feet drive til byen for å seljast som slaktefe. For ein fehandlar må Bjergane må ha vore ein praktisk plass å bu.

I Bjergane hadde dei slåmaskin, som ein av dei første gardane i bygda. Det tok ikkje lang tid å leggja ned ein teig. Bjergane var ein stor og lett driven plass med god jord. Nils Bjergane skal ha vore ein kraftkar. Dei handla i Hope, som er 5 km frå Bjergane, og historia skal ha det til at Nils bar heim mjølsekkar på hundre kilo på ryggen.

Folk som kjende sonen til Nils, han «Bjerga-Johan», kunne fortelja at han var ein kjekk kar, som ofte var på Kolle i lag med andre ungdomar. Der samlast dei, i den gamle røykstova, og hygga seg med felespel og dans til langt på natt.

Johan arbeidde ei tid som bygningsnikkar. I 1916 gifte han seg med Maria Tomasdr. Svendsdal f. 1887.

Då Johan gifte seg, var far hans 68 år, og Johan var klar til å ta over på Bjergane. På denne tida var husmannsvesenet i ferd med å verta avvikla. Mens Stortinget hadde husmannsvesenet under vurdering, vedtok dei ei mellombels lov «Lov om småbruk- og boliglån» i juli 1915. Jordeigarane vart oppfordra til at husmennene skulle få overta plassane sine, og husmennene skulle få lån til å kjøpa. Johan ville gjerne overta etter far sin, og søkte Ådlandsbøndene om å få kjøpa, men ein av dei sette seg imot dette.

Johan ville ikkje halda fram som husmann, han ville eiga sin eigen gard, så familien flytte midlertidig til Hope. I 1921 fekk dei kjøpa eit lite bruk på Nordbø, bruksnummer 5. Det var ikkje rare plassen, men det var deira eigen gard! Dei flytte til Nordbø, og tok til med nydyrking. Jorda på Bjergane hadde vore mykje meir lettdyrka. Grunnen på Nordbø var morenemassar – sandjord full av stein. Jorda hadde berre vore overflatedyrka, utan å ha vore skikkeleg pløgd. Steinane måtte ut av jorda, skulle dei auka avlinga, og det var tungt arbeid.

Johan og Maria fekk to jenter og éin gut: Klara 1917 – 2002, Ingrid 1921 – 1931 og Nils f. 1925.



*Bileta er
frå om
lag 1910.
Johan var i
ekstersisen.
Han og
Maria gifte
seg i 1916.*





Frå venstre: Nils Nordbø (f. 1925), søstera Klara, og foreldra Maria (f. 1887) og Johan (f. 1888).


Nils og søstrene fekk tidleg læra seg å arbeida. I 1939 fekk foreldra kjøpa ein større part av Nordbø, bruksnummer 1. Også her var det mykje arbeid for å få brukande jord. Til saman åtte dei no mesteparten av Nordbø.

Spranget var stort frå Tøena og Steinhushaugen. Men den beste plassen familien budde må ha vore Bjergane, som dei ikkje fekk kjøpa, og som i dag ligg aude og gjengrodd med skog.

I åra frå 1922 til Johan døydde i 1977, dyrka dei opp Nordbø til å verta eit veldrive bruk. Johan Nordbø var husmannsson, og kunne vorte 3. generasjon husmann. Men husmannsvesenet var gått ut på dato, og han ville det annleis. 32 år gamal fekk han sin eigen vesle gard. Her arbeidde Johan resten av livet i lag med familien. Dei fekk utvida garden og dyrka han opp til eit høveleg moderne bruk, som framleis er i drift og leverer mjølk frå om lag 16 kyr.

Slåttedag på Tøena

av Solveig Vassenden



Solveig Vassenden vaks opp på ein liten plass mellom Fiskevatnet og Grønsdalsvatnet. Forfedrane hennar flytta i si tid frå Tøena og ned til Vassenden, men dei hadde framleis slåttemark i Tøena. Me kjenner Solveig som ei aktiv dame, som alltid er med på det som skjer. Ho har i mange år vore leiar i Samnanger Pensjonistlag og i eldredådet.

Eg er vorten oppmoda om å ta eit djupvassdykk for å henta fram gode minne frå min barndom, då spesielt høying på Tøena.

Livet var knytt til det ein hadde rundt seg, lite kjende ein til den store verda utanfor, så det å vera med på høyslått på Tøena – det var sommarens høgdepunkt. Det måtte reknast som ein ferietur, ein kom ikkje så langt den gongen.

Når ein var ferdig med heimeslåttan var det tid for høying i utmarka. Eg kan endå hugsa eg masa på far min: «kva tid skal me dra?»

Bruket Vassenden eig halve Tøena, dermed var det årviss høyslått ein godvêrsdag i august, og gleda var stor når dagen endeleg kom.

Tidleg start var det for alle, men far min gjekk i førevegen – han skulle slå graset mens det endå var dogg. Han hadde ei tung bør med alt som skulle til, langorv og stutturv, ein måtte ikkje gløyma noko av det ein skulle ha med seg.

Mor hadde planlagt mat som høvde til ein slåttedag. Det var havregrynsgraut, spikjekjøtt, kaffimat og saup (det som blir att av mjølka når ein har kinna smør.) Saup blanda med vatn skulle vera tørstedrikke for heile dagen, spannet var berre halvfyllt. Me fylte det opp med vatn når me

nådde Tøena. Bror min skulle ta seg av tau («børatøg») til høybørene, og triller til firing på taubanen. Med velfylte ryggsekkar tok ein fatt på den stupbratte vegen opp Tøgjelet til Tøena.

Her skulle ein vera forsiktig kvar ein trødde, med store hol og steinar ein måtte svinga seg rundt, enkelte plassar ein smal sti der sauer og geiter hadde sin vandreveg.



Tuftene står framleis att i Tøena. Djupt nede ser me Fiskevatnet.

Det å nå toppen var som å koma til ei anna verd. Den gongen var det ingen skog som stengde for utsikta. Heimehusa låg der som ein liten prikk langt – langt der nede. Det var utsyn i alle retningar: Bogaskaret og Gråfjellet rett fram, i aust var det Kvitingsfjella som ruva, og Gullfjellet i vest. Eg kjenner enno på den gode følelsen – eit indre bilete som aldri bleiknar, det var drøymeplassen på jord med gode minne for resten av livet.

Så var det å ta fatt på dagens gjeremål, det å brøya det lette fjellgraset som tørka fort i det fine solskinnnet. Gleda var stor når det var tid for matøkt, utruleg kor godt maten smakar når inntaket er ute i det fri. Ei lita grue vart bygd opp nede ved bekkefaret, her skulle kaffien kokast. Etter ein lang matpause var det tid for å snu høyet om det skulle bli tørt før kvelden.

Det var òg tid til bærhenting. Eg ser enno føre meg dei store tytebæra som hadde hatt gode vekstvilkår her oppe i fjellheimen.

Det leid på dag, og høyet måtte rakast saman slik at høybørene kunne klargjerast og firast heim. Før far sende høybørene utfor kanten, speida han om det kom bilar frå Grønsdalen eller Fiskeosen. Det måtte ikkje vera køyretøy på vegen, for kva kunne skjje dersom firestrengen rauk? Så, med oss på god avstand, var ein komen til dagens høgdepunkt.

Spenninga var stor: Ville høybørene nå endepunktet, eller spora dei av undervegs?

Med den bratte firestrengen vart farten på børene enorm, slik at når høybøra stanga mot rullen i botnen, vart det meste av høyet spreidd utover eit vidt område – og det som hang att, minna lite om ei høybøre. Men du verden, høyet var kome heim!

Høybørene var mange, og far hadde for få triller. Så kva skulle ein gjera?

Det vart det broderen og eg som måtte heim og henta påfyll. Eg minnest at me laga dette til ein konkurranse: Kven sprang fortast ned og oppatt Tøgelet? Det hjelpte lite om ein var liten og lett på foten, den duellen tapte eg stort.

Så kunne resten av høyet få seg ein luftetur, og slåttedagen på Tøena gjekk mot slutten.

Eg hadde fått draumen min oppfylt – eit minne for livet.



Solveig og Magne får ri. Far, Peder Vassenden, leiar hesten.

Bruket vårt hadde òg ei utslåtte på andre sida av dalen, nærare Bogaskaret. Denne kalla me for Osterhjellen. Eg har ikkje vore med på høyslått der, men minnst far min fortalde om stor aktivitet i sin oppvekst. Utløa vart fylt med høy som dei tok heim ein vinterdag på slede.

Far min vart farlaus i ein alder av 12 år, og som einaste mannlege på garden, utan hest og gode reiskapar, vart det mange tunge tak for ein som var i starten av livet.

Eg vil elles fortelja om den første «lange» skituren min, som gjekk akkurat dit til slåtta vår på Osterhjellen. Eg hadde nemleg fått nye ski til jul, og kunne ikkje fort nok koma meg av stad, så far hadde lova meg ein skitur ein søndag med godt vêr og skiføre. Søndagen kom og skitur vart det. Motbakkene var mange, men pågangsmotet var endå større. Lite var det vel i tankane at heimatt-turen kunne by på knall og fall.

Atter ei ny verd opna seg – me nådde målet! Den gamle utløa var nærast falleferdig, men ikkje noko hinder for at me sat her både lenge og vel. Nistematen me hadde med oss, vart sirleg dandert på ein liten stubbe som stod der. Denne fungerte godt som bord, og matlysta var på topp etter ein strabasios tur for ei lita jente på sin første langtur.

Heimturen gjekk slik ein kunne venta – eg nådde heimen mest som ein snømann.

Eg minnest bestemor stod i døra. Ho var nok nysgjerrig på korleis skituren hadde vore, og ikkje minst kvar me hadde teke turen. Eg ropa ut at «*me har vore på kongens slott!*». Småjenta hadde nok fått med seg at på slottet var det gull og glitter. Opplevingane må ha vore store sidan det å eta nistemat i ei falleferdig utløe kunne samanliknast med salane på kongens slott!

Slik var min barndom, med oppvekst i trygge rammer i pakt med naturen.

Solveig Karin Vassenden

Lønnebakken, september 2022

Nils Nordbø fortel om fortida

av Tor Wold e. Nils Nordbø

Nils Norbø er sonen til Johan, husmannssoenen i den første artikkelen. Han bur på Ytre Tysse, og kjem du der ein dag, kan du vera heldig å treffa på han. Den spreke karen er no 97 år og bur i aldersbustaden i den gamle «Knutsabutikken». Han fungerer som «vaktmeister» i bustaden, han går sine daglege turar, og han kjenner alle på Ytre Tysse. Til jul i fjor kunne me lesa eit langt intervju med han i Samningen. Han fortel gjerne frå han var ung, då han og familien dyrka opp garden på Nordbø, som han seinare overtok etter faren.



Nils Nordbø – arkivbilde frå 2000.

Me let Nils fortelja:

Mor og far flytta til Nordbø i 1922. Søstre mine var 2 og 5 år då, sjølv vart eg ikkje fødd før i 1925. Då eg vaks opp, hadde me ikkje straum eller telefon, og det var ikkje bilveg til Nordbø. Skulle me nokon stad, gjekk me, eller me rodde. Frå Beinavika, som ligg rett nedom Gullbotnen, var det ein militærveg ned til Nordbø – han var mest som ein kjerreveg. Men denne nytta me ikkje. Skulle me til Ådland eller til Trengereid for å ta toget, gjekk me berre opp til Beinavika langs ein fjellrygg, for det var der stien gjekk.

Skulle me handla, rodde me oftast til Hope. Handla gjorde me oftast om søndagen, for då var det mange andre der også. Far kjente alle, og me var ofte og helste på dei på Kolle, eller dei på Hope. Elles kunne me ro til Solbjørg eller Gaupholm, for å handla.

Mor mi kom frå Svendsdalen, så me besøkte ofte søskena hennar, som budde der. Me var unge og spreke, og tok ikkje mykje for å gå heimanfrå til Svendsdalen. Ein gong eg var der, trong dei ei røyrtong. Me hadde ei heime, og eg sa eg kunne henta henne. Så eg gjekk ned til Langeland, over Tveit og gjennom marka ned til Steinsland. Der kom eg ned «Steinslandtrappene», og enda ved busstoppen ved Gjerdstunnelen (den tunnelen som no er sprengd vekk). Derfrå tok eg bussen til Beinavika og gjekk heim. Så fekk eg meg ein kaffikopp, og vende tilbake med røyrtonga.

Då foreldra mine i 1922 kjøpte bruk nr. 5 på Nordbø, hadde garden vore dårleg driven. Jorda hadde aldri vore djupt pløgd, berre overflatedyrka, og slik var det også med br.nr. 1, då me fekk kjøpa denne gardparten i 1939. Me la mykje arbeid i å pløya og rydda stein.

Grunnen var gamal morene, med sand og stein som isen la etter seg under istida. Når me fekk vekk steinen, var det berre sandjord. På nabogarden Trengereid, nærare sjøen, hadde det truleg vore ei bakevje i istids-elva, for der var det svartjord, og jordsmonnet var djupare.

Det var eit fælt slit å få rydda jorda. Far og eg spekulerte mykje for å få det til. Ei stund nytta me ein to-hestars plog, sjølv om me berre hadde éin hest. Me laga oss til med ei treskoren talje og kjøpte 100 meter stålvaier. Så gjekk ein av oss føre med hesten, mens den andre gjekk bak med ploget. Dette taljesystemet gjorde at sjølv om hesten gjekk fort, så gjekk ploget berre 1/3 så raskt, men trekk-krafta var tre gongar sterkare.

Når me støytt på ein rotstubbe, måtte me sleppa ploget og hoppa vekk, for krafta var så stor at ploget kunne skvetta og gjera skade på oss. Det gjekk seint, men me fekk pløgd mykje, som me elles ikkje hadde greidd. Når bakken var frosen, var det ekstra bra å pløya slik. Me hadde ein 12-toms plog, og når me hogg denne ned i den frosne bakken, kunne me med litt hell pløya 24 tommar, for telen gjorde at jorda hang i hop.



Nordbø i 1963. Foto: Widerøe

Etter ei tid fekk me kjøpa ein gammal, utrangert traktor i Laksevåg kommune. Me fekk med plog og slepeharv. Det var ikkje hydraulikk den gongen, men med denne traktoren vart det likevel enklare. Det var bale med jarnhjul, som me hadde i starten, så etter ei stund fekk me tak i gummi hjul hos Mo auto. Me hadde ikkje pengar å betala med. Men «Mo'en» sa at det ordna seg nok.

Me fekk ikkje lån i sparebanken på Tysse, men det var ein heradsagronom som hjelpte oss. Han fekk laga eit aksjelag der fleire bønder gjekk saman. Me betalte ingenting for aksjane, men truleg var det slik at me solidarisk garanterte for gjelda me fekk ta opp. Me kunne i alle fall låna på desse aksjane.

Då eg fekk ordentleg traktor, tok eg på meg køyring i tillegg til gardsarbeidet. Ei tid jobba eg nesten heile døgeret, og vart etter kvart svært sliten. Eg hugsar ein gong eg sovna bak traktor rattet og vakna av lyden frå grusen som knastra under hjula. Det gjekk bra, men eg forstod at eg måtte ta det litt meir med ro. Eg har arbeidd mykje heile livet, også etter at eg vart pensjonist, men eg har ikkje teke skade av det.

Sandjorda på Nordbø trong mykje gjødsling. Det fanst kunstgjødsel, men det var for dyrt. I staden nytta me all møk frå vår eigen gard, og frå utedoen. I tillegg skaffa eg store sirupsfat, tretønner på 200 eller 250 liter. Eg reiste rundt med ei slik tønne til folk i Trengereidfjorden, som hadde kaggedo. Dei hadde ikkje hest og dei trong hjelp til å tømme doen. Så eg hjalp dei. Eg laga til med hol i botn av tønna, og røyr som spreidde møka, slik ein spreiar gylle med gyllevogn i dag.

Då eg vaks opp, fanst det nok kraftfôr, men dette var dyrt, så det hadde me ikkje råd til. Men det var ikkje berre gras me hadde til vinterfôr, me nytta alt me kunne skaffa, som dyra ville eta.

Me samla lauv, og me nytta skav. Skav var bork som me skava av greiner frå hegg, ask, alm eller rogn. Desse hadde me kappa om hausten i passe lengder. Når me om vinteren trong skav til dyra, tok me dei inn og vermde dei, for dei var ofte frosne. Så sat me med eit ljåblad som me heldt fast i eine enden med høgrehanda. Me beskytta handa med ei fille. Den andre enden av ljåbladet støtta me mot sengjekarmen. Eggen peikte vekk frå oss, og så heldt me greinbiten i venstre handa og skava av borken.



«Styvarar» av ask gav tilskot til fôret.

Dette likte dyra, og det var godt tillegg til fôret. Når borken var vekke, tørka greinene svært godt, og vart fin ved. Denne veden kalla me skjevla. Når dei skulle baka flatbrød, ville dei ha skjevla til å fyra med, for det gav så god varme.

Me hadde styvarar av ask. Det var tre som var kappa omtrent to meter oppe på stamma. Styvarane fekk nyvekst av greiner i toppen. Om hausten ribba me lauv av trea og samla som fôr. Med nokre års mellomrom kappa me greinene av styvarane for å ha til skav om vinteren. Neste vår vaks det ut nye greiner.

På vinterstid kunne me også skøyta på fôret med lyng, som me henta i utmarka når det var snøbart. Dei som budde nær sjøen samla tang. Dei slo varmt vatn på tangen. Då vart han grøn, og dyra åt han. Slik berga folk dyra gjennom vinteren utan kraftfôr. Tilskot av lauv, skav, lyng og tang gjorde at folk kunne ha større buskap enn dei hadde gras til.

Ja, det var litt om korleis me dreiv garden då eg var ung. Då eg tok over garden etter far, oppdaga eg diverre med tida at eg var allergisk overfor dyra, så eg vart sjuk av å arbeida på garden. Difor selde eg i 1977 garden til Ove Åsebø. Fram til eg kunne pensjonera meg, arbeidde eg som maskinentreprenør med traktoren min.

Det var viktig for meg at han som overtok ville driva garden skikkeleg, og med Ove Åsebø fann eg ein slik drivar. No er det sonen hans som har overteke og driv garden vidare.

Neste generasjon på Utskot – båtane veks

av Tor Wold

Då bestefaren, gamle Jørgen Jørgensen, gjekk på land i 1976, tok dei tre brørne Jørgen, Kjell og Helge Jørgensen heilt over etter han. Dei hadde avtale med Hetland-hus i Sandnes om å frakta heile hus til Smøla og Nord-Møre. Med Liodd kunne dei berre frakta eitt hus om gongen. Difor kjøpte dei Vindenes, som kom i drift i 1978.

Historia om «Vindenes» er historia om ein båt som hadde eit vekslande «liv» med mange slags oppdrag. Opphavleg var båten ein linefiskar frå Tyskland. Der hadde han vore brukt til drivgarnfiske, der dei festa garnlenka i baugen og la seg på driv. Dei hadde ror i baugen, og slik kunne dei ha god styring på båten når dei bakka for å strekka ut garnlenka.

Her i Norge vart «Vindenes» først kjøpt av ein i Fusa, som gav han nytt namn. Neste eigar var ein frå Osterøy, og deretter kom han til Jørgensenkarane, som kjøpte han for å frakta hus med. Dei selde han vidare i 1982, då dei trong ein større båt.

Neste eigar var uheldig, det tok fyr i båten. Deretter overtok ny eigar, som tok av han den brente overbygningen og sette på han ein gravemaskin. Til slutt enda Vindenes sine dagar ved Tofte cellulosefabrikk i Oslofjorden, der dei nytta han til å pitla opp tømmer som hadde sokke og låg på sjøbotnen.

Straks Jørgensenkarane hadde skaffa seg Vindenes, fekk dei vita at Hetlandhus bygde ny fabrikk i Åndalsnes. Slik mista dei oppdraget med å frakta hus til Nord-Møre etter mindre enn eitt år, og då var gode råd dyre.

Stavangerfirmaet Skretting leverte fiskefor til oppdrett langs heile kysten, og dei vart rådde til å kontakta dette firmaet. Årstalet var 1978, og lakseoppdretten var i sterk vekst. Merdane låg tidlegare for det meste ved kai, men på denne tida byrja dei å flytta anlegga ut i fjordane, og då måtte fôr-transporten over på kjøl.



Vindenes lasta med fiskefôr og med hus på dekk. Glava på akterdekket.

Jørgensenkarane tok kontakt med Skretting i Stavanger, og dei vart einige om å gjera ein prøvetur med fôr. Dette vart starten på 22 år med fôrtransport langs heile kysten.

Til å begynna med leverte dei langs heile kysten frå Kvitøy, like utfor Stavanger, og heilt til Senja, rett sør for Tromsø. Anlegga var små, og fôret vart levert i små kvanta. Det vart mykje handtering av 50 kilos sekkar, og mange stopp på vegen. Folk spøkte med kva gale dei kunne ha gjort, som måtte halda på med slikt «straffarbeid».



Vindenes i Karmsundet ved Haugesund

Som me veit, eksploderte nesten etterspørselen etter oppdrettslaks og dermed også trongen for fôr. På Vindenes kunne dei lasta 200 tonn fôr, men raskt vart båten for liten. I 1980 bytte dei han ut med Solfjord, som var monaleg større.

Men veksten fortsette, og etter 6 år måtte dei skøyta på Solfjord, så han vart 8 meter lengre. Skretting hadde fleire båtar i oppdrag, men Solfjord var den største. Dei heldt på til dei selde Solfjord i 2001. Då hadde dei levert fôr til svært mange millionar tonn med norsk oppdrettslaks.

Kjell og Jørgen fortel: «Me hadde Vindenes i 2,5 år, og denne tida var me på sjøen alle tre, nesten heile tida. Me var heime berre ein månad til saman i løpet av desse åra. Som fjerdemann hadde me med oss Johannes Yndestad, så han er nesten som den fjerde broren vår. Han var med oss frå 1978 til me selde den første Solfjord i 2001. Han var berre vekke då han tok skipperskulen. Ein annan svært triveleg samning me hadde med, var Svein Skår. Han var også med til me selde Solfjord, i nærare 20 år. Me hadde med fleire andre samningar, og me hadde mannskap frå Bogøy og frå dei søre øyane i Os.

Då me selde Vindenes, sa bestefar: «No har dei hatt det så travelt, at no får dei piske død vera på land så lenge at dei får tid til å finna seg kjerringar!»



Om bord i Solfjord: Kjell Jørgensen og dama, kokkelærlingen Jorunn.

Då dei starta med Solfjord, organiserte dei seg med meir mannskap og to arbeidslag, dei var tre veker på sjøen og tre veker på land. I alt var dei 12 personar i arbeid. Jørgen, Kjell og Helge hadde skipperjobben på omgang, to veker kvar. Så då vart det tid til eit liv på land. I 1981 gifte Jørgen seg med Liv Holmefjord, Kjell slo seg i lag med Jorunn Eide frå Os, og Helge fann si Sølvi Rødland.

Kjell si Jorunn bestemte seg for å verta kokk. Og så tok ho like godt praksisperioden på kokkeutdanninga si om bord i Solfjord, før ho fullførte kokkeutdanninga. Ho fortel: «Til å begynna med var det gutane som var best til å laga mat. Eg måtte ofte spørja dei, men så fekk eg ei gammal kokebok av svigermor. Seinare, då eg var vel på land igjen, var eg med å starta opp Huset kafé, og etter at ungane vart store, utdanna eg meg til lærar.»

Liv arbeidde aldri om bord, men ho tok del i rekneskap og kontorarbeid på land, før også ho utdanna seg til lærar. Det kom barn til, Jørgen og Liv har to jenter og to gutar, og Kjell og Jorunn har tre jenter. I sommarferien var dei ofte med om bord heile familien.

Då dei selde Solfjord i 2002 var oppdraget for Skretting slutt. «Gutane» gjekk på land, og vart der i fem år. Men tru ikkje at dei var uverksame.



Solfjord ved eit sjeldsynt besøk på Utskot.

På kaia på Utskot skjer det alltid noko. Frå tidlegare hadde farfar Jørgen, onkel Even og far deira, Elvin, spikra kassar til sild, og seinare pallar som vart levert til Skretting. Elvin hadde også tent bra på å fanga ål, som vart seld til Danmark.

Då «gutane» var båtlause i fem år, hadde dei nok litt lediggang, men dei følgde familietradisjonen og dreiv med litt av kvart. Dei bygde stort sjøhus. Kjell var med og la vatn og kloakk i Lønnebakkenfeltet, og seinare tok han hyre, medan Jørgen i fleire år var tilsett i «Fraktefartøyenes rederiforening».

Men i 2007 kjøpte dei ny båt, som dei også kalla Solfjord. Og den var endå større. Dei fekk mange oppdrag med transport langs kysten, men no frakta dei utstyr for oljenæringa. Dei vart mykje som kystens trailersjåførar.



Solfjord 2

Ofte var det ruskever, og ein gong vart det skikkeleg dramatisk. Helge, som bur i Åsane, var skipper på denne turen. Solfjord redda to polske sjøfolk, då skuta «Finnøyglimt» forliste på Sletta – havstykket mellom Haugesund og Bømlo. Det var nordvest sterk kuling, og viss ikkje mannskapet på Solfjord hadde fått dei om bord, ville dei to sjøfolka fått båten sin knust mot land. Skipperen på «Finnøyglimt» omkom. Etterpå vart Helge intervjuet om forliset i Haugesund avis.

I 2014 selde karane den andre Solfjord, og dei to eldste brørne gjekk på land. Helge tek framleis oppdrag som styrmann. Men tida med eiga skute på Utskot er forbi. I dag er det større krav til organisasjonen kring eit skip. Dei små reiarlaga er sjeldnare, det er mest større reiarlag som driv langs kysten. Men sjømannskapet går vidare. Begge sønene til Jørgen har teke opp arven. Knut Jørgen er for tida styrmann i Nordled, og Jon Erik er styrmann på ein ny, stor brønnbåt.

Fakta om båtane

«Diamant»: Bygd i Åkrafjorden hos Olav Juvet. Motor: Nordlys, 30 Hk, motoren var bygd hos Holdhus i Eikelandsosen. 1938: seld til Normann Misje i Øygarden. Stjålet og ført til England under krigen. Vart pårend og sokk i Øygarden under slep i 1975.

«Liodd»: Levert 1938 frå Nordtveit skipsbyggeri. Skøyte på 56 fot, med motor 56 Hk Laval. Seld vidare i 1942

«Liodd»: Levert 1945 frå Nordtveit skipsbyggeri. Skøyte med kryssarhekk, 63 fot, tonnasje: 48,6 tonn. Motor: 50 Hk Wichmann. Seld 1986, no lystfartøy på Stord med namnet Pareiso.

«Vindenes»: Tysk drivgarnskute, med to tidlegare norske eigarar. Eigd av Jørgensenkarane 1977-1980.

«Solfjord 1»: Bygd i 1966 Leirvik Sveis A/S på Stord, byggenummer 27. Motor Caterpillar 570 hk. Tonnasje: 200 bruttotonn. Fart: 10,8 knop. Lengde: 45,68m. Forlenga og ombygd. Ny lengde 53,64 cm, bruttotonn 549. 1988: Ny motor, 705 HK Caterpillar. 1997 igjen ny motor, Caterpillar 800 HK. Skifta navn etter sal i 2002 til «Eidsvåg Marin». Fekk namnet «Fame» i 1996.

«Solfjord 2»: Bygd 1987 ved Svendborg Skibsverft A/S, Danmark. Byggenummer 182. Navn: «Alice Rise». Motor: Mannheim Motorenwerk 815 Hk. Tonnasje: 1.167 bruttotonn. Lengde 67 m. Skifta navn i 1994 til «ThorAlise», og igjen i 2007 til «Solfjord». Frå 2004 heiter han «Gullås».

ⁱ Du kan lesa eit redigert utdrag av intervjuet om forliset på Sletta i 2011 på heimesida.

Vegbygging på gamlemåten – og livet som anleggsbus

av Leif Djonne-Stuve

Innleiing av redaksjonen: Vegbygging før i tida var hardt arbeid. Alt skjedde for hand. Vegen frå Kvitingen til Svartavatnet, og vegen frå Børdalen til Høysæter er bygd med handmakt. Før dei fekk veg til Høysæter, gjekk vegen berre til Børdalen. Dei som hadde hest, nytta kjerre frå Børdalen når dei fór til Tysse for å handla. Men frå Børdalen til Høysæter var «vegen» for smal og bratt. Der måtte dei lessa varene over på ein «dragsle'», ein vel halvmeter lang «slede» med breie stålslette meier. Denne trekte så hesten opp «gamlevegen».

Det er mange samningar som var med på veganlegg før ein fekk maskinhjelp. Trygve Høysæter (1923-2013) var i unge dagar var med på å byggja ny veg til Høysæter på gamlemåten. Då vegen frå Kvitingen til Svartavatnet skulle byggjast på 1920-talet, fekk mange ungdomar frå gardane langs vegen arbeid. Frå Kleivane var brørne Harald og Anders med, frå Dyrhovden var alle fire gutane med, med Ole Dyrhovden som eldstemann, og to karar frå Røyrbotten og to frå Nyutløtræ var med. Men også frå gardane lengre nede og Tysse var det mange som var med i arbeidet.

Diverre er det ingen av desse gamlekarane som lever, og som sjølv kan fortelja korleis dei gjorde det. Men me har vore heldige og kome over ein artikkel frå ein av dei siste som har vore med å byggja veg på gamlemåten. Leif Sivert Djonne (f. 1933) frå Øystese har skrive om dette. Han er no busett på Avaldsnes, på Karmøy, der han har hatt arbeidet sitt i «Slakterisamvirket Gilde», no Nortura. Han er oppteken av historie, og har skrive ein del om «gamletida» i heimbygda si.

Historia her vart først trykt i «Gamalt frå Kvam 2021». Djonne fortel om korleis dei bygde veg før dei fekk maskinhjelp. Det kunne like gjerne vore Anders Kleivane, Trygve Høysæter eller ein av dei andre gamle Samnanger-busane som fortalde.

Bjarne Kleivane vaks opp i Kleivane og er no 86 år. Far hans, Anders Kleivane, hadde mange år som anleggsbus før dei fekk maskinar til hjelp. Frå Bjarne var 18 år til han var 65, arbeidde han sjølv på anlegg, mest som tunelldrivar. Du kan framleis treffa han og sonen Torleif på tur i fjellet mellom Kvitingen og Bergsdalen. I sine unge dagar arbeidde han i lag med mange av dei gamle Samnanger-busane, og hørde historiene deira. Han har lese denne artikkelen, og vart svært begeistra: «Det var som å høyra dei gamle fortelja!»

Me slepper til Leif Djonne-Stuve:

Vegarbeid i 1950

Når det så seint som i 1940–50-åra vart bygd kommunale vegar, vart det ikkje nytta maskiner av noko slag. Alt arbeidet vart utført med handmakt på gamlemåten. Det viktigaste verktøyet var skuffel, pigghakke, grafse, trau, feisel og bor, sleggje og spett. Og sjølvsgat trillebåre, steinbukk og «vagga» på skinner.

Eg var med å bygga veg til Kjosås og Stuvegrenda i dei bratte liene ovanfor Øystese. Dette var i etterkrigsåra, og eg meiner å minnast at arbeidet kom i gang i 1947, og at det tok om lag fem år å byggja vegen. Sjølv var eg skulegut dei første åra, men dei to siste åra fekk eg vera med på arbeidet i lag med «gamlekara».

Vegen vart stukken av ein ingeniør, og ein eldre vegmann frå bygda vart tilsett som oppsynsmann. Den gamle vegen gjekk i bratte svingar, mest rett opp. Vegen me laga vart lagd lågare og mykje lengre ut i lia enn den gamle. Lengst ut i lia, der vegen snudde i ein skarp sving, måtte dei byggja ein svært høg mur. Når ein i dag ser på det arbeidet, kan ein undrast korleis dei fekk det til. Vegsvingen ligg oppå ein mur som på det høgaste er mange meter høg. Han er mura av store steinar med handmakt. Dei hadde berre spett å draga steinen på plass med, og ein steinbukk, om han skulle lyftast. Det er eit flott stykke arbeid, mest eit monument. Same staden vart det sprengd ut fleire meter høge skjeringar, så steinen var no ikkje langt unna.



Eit flott stykke arbeid, mest som eit monument. Foto: Birger Linga

På ein liten flate på nedsida av vegen, vart det bygd opp ei smie. Mineborane laut kvessast heile tida, og det gjorde vegarbeidarane sjølv. Det var vel naturleg at det var verste regnversdagane som vart nytta til det arbeidet. Eg minnest at då eg kom frå skulen og hørde bankinga frå smia, stakk eg ofte innom og såg på arbeidet. Og så var det no moro å høyra på dei hardbarka «rallarane», dei hadde no eit og anna å læra frå seg dei, både av godt og gale. Kanskje fekk eg smaka litt snus og.

Det var fagarbeid å kvessa bor. Det var ein mann som kvesste og herda borane, dei andre bar på plass, trødde smiebelgen og styrde med essa. Dei lengste borane var tunge, så smeden laut ha hjelp til å halda dei.

Korleis arbeidet gjekk føre seg

Vegarbeidet var delt opp i ei viss lengd ferdig veg. Det vart kalla ein akkord. Eg meiner det var ingeniøren og oppsynsmannen som målte opp og sette pris på vegstubben. Dei måtte finna ut om det var mykje fjell eller jord ein skulle arbeida med, for det hadde ulik pris, sjølvsagt. Dette kunne vera eit lite lotteri. Hadde dei forrekna seg litt, slik at det ikkje var fullt så mykje fjell som dei trudde, så vart det arbeidarane til del, for det var sjølvsagt lettare og snarare å ta ut jord enn fjell. Men det kunne og gå andre vegen.

På dei nedsette «stikkene» var det sett på «fliser» som viste høgda og stigninga på vegen: Ferdig pukka veg utan grus, ein meter under flisa. Så skulle vegen ha ei viss breidd samt veggrøft. Og pukklaget skulle det vera ei viss djupn på. Iblant kom oppsynsmannen, eller «syningen» som han vart kalla, på inspeksjon for å sjå etter at alt vart gjort slik det skulle. Han hadde myndigheita her, og det stod ein viss respekt av «syningen». Dei gamle rallarane retta seg litt opp i ryggen når den karen kom stigande.

«Geita»

Når ein tok ut jord, skulle den fraktast ut til fyllinga på trillebåre, eller «geita», som ho vart kalla. «Geita» var eit tungt køyretøy av vasstrekt tre med eit jarnhjul under. Det var lagd ut lengder av to-toms plank, ca. 30 cm breie, til å trilla på. Det var høge karmar på båra, så det var svintunge lass, og så måtte ein samstundes balansera båra med det eine hjulet på plankane. Fordelen var at det alltid gjekk unnabakke. Dersom fyllinga var langt unna, måtte ein gjerne trilla lasset 30–50 m meter og meir, og i ausande regn vart molda til sørpe som ein måtte skrapa ut av båra. Det var mest like tungt å dra båra opp att, og skulle ein vera så uheldig, som det stundom hende, å køyra hjulet utfor planken slik at båra velta, var det litt av eit nederlag – og rallarane ville ikkje blitt høyrd av kyrkjefolk, eg har prøvt det sjølv.

Feisel, minebor og «kuso»

Når jorda var frakta vekk og fjellet vart bert, så var det til med feisel og minebor. Det vart sprengt ut salvar, det vil seia at det vart bora mange hol som vart sprengde samstundes med elektrisk tenning. Lengda på borehola var avhengig av høgda på fjellet, men botnen skulle vera ei viss lengd under ferdig veg. Var det høge skjeringar, vart det djupe hol. Det var skytebasen som bestemte kvar hola skulle stå, og retninga på dei.

Når ein bora, arbeidde to mann i lag, den eine slo med feiselen, og den andre sat og heldt og snudde boren. Å slå med feisel på minebor var ikkje noko du lærde på éin dag, det var fagarbeid. Feiselen hadde slagflate i båe endar, og han hadde langt skaft. Men slagflata var berre litegrann vidare enn hovudet på boren så her skulle du vera modig og treffsikker om du ikkje skulle skamfara han som sat og snudde. Det viktige her var at du ikkje skulle «halda att» slaget. Derfor skulde du halda venstre handa ut i enden på feiselskaftet, lyfta feiselen over hovudet med høgre handa heilt framme, og når du slo skulle du lata høgrehanda gli langs skaftet tilbake til venstrehanda. På den måten verka slaget av feiselen si eiga tyngd. I boreholet måtte det vera vatn, så ei bytte med vatn og ein boks med skrykt tut på, høyrde med til utstyret. Men så måtte ein ha eitkvart omkring boren slik at vatnet og boreslammet ikkje spruta i fjeset og auga på minarane. Det kunne vera ein klut, men oftast var det ein «bukett» av brakebuskar haldne saman av streng, som ein slo boren gjennom. Den hadde namnet «kuso».

Sprenginga

Når boringa av salven var ferdig, skulle borehola «brennast». Det vil seia at ein sprengde ein liten ladning ned i botnen av hòlet for å utvida det for å få plass for den endelege ladningen. Dette måtte ein gjera i fleire omgangar, med litt meir sprengstoff for kvar gong. Det vart avfyrt med tjørelunte. Dette var eit farleg arbeid, for sprenginga gjorde fjellet varmare for kvar gong. Dynamitten tolde ikkje mykje varme før han utvikla ein gass som var veldig eksplosiv. Difor måtte ein ofte venta ei stund, eller pøsa kaldt vatn ned i hòlet. Skytebasen hadde ansvaret, og han var ikkje nådig om han såg nokon som stod bøygd over boreholet når han ladde med lateinen.

Det vart fortalt om ulukker med dette på anlegg, der ladningen gjekk av, og då gjekk lateinen tvert gjennom mannen.

Når salven var lada ferdig, og leidningane på dei elektriske tennsatsane var kopla saman, og kabelen strekt ut til ein trygg stad for arbeidslaget, var det å dekkja fjellet til med fasiner. Det var i dette høvet matter av pas og brake, bunde saman med streng, og så la ein tunge kjettingar på tvers over. Ein var aldri sikker for at det spruta stein. No fekk skytebasen bruka den grovaste stemma han hadde, og ropa tre gonger: «Varsko heer!» og «Fyyr heer!»

Dersom ladningen hadde vore vellukka, reiste fjellet seg, sundrista, opp i lufta og datt ned att på same staden. Då fekk skytebasen rosande blick av medarbeidarane. Det var ikkje alltid slik. Stundom for steinspruten høgt, og ned over liene, då var det ein fordel å arbeida i urudd mark.



*Steinbukken var ein stor og skrevande kar.
Foto: Osvald Nilsen / Dalane Folkemuseum*

«Vagga», spett og steinbukk

Når ein så skulle ta fatt på steinrøysa og frakta steinen ut på fyllinga, måtte ein til å leggja skinnegang og henta ei «vagga». Når skinnegangen var lagt fram til fyllinga, vart «vagga» sett på. Ho var flat oppå, utan karmar. Steinen vart lagd på så mykje det var plass til, og så trilla ned på fyllinga. Det var eit bremsesystem på «vagga», bremseklossar på hjula som ein styrde med eit spett stukke ned i ei vaierykkje. Ja, spettet var viktigaste reiskap i steinhaugen. Steinen vart lyft på med handmakt så lenge det gjekk, men for dei største måtte det ein steinbukk til. Steinbukken var ein stor, skrevande kar – ein pyramide med eit spel med sveiv til, vaier med stor krok og talje i toppen. Han kunne lyfta temmeleg store steinar opp på «vagga». Var steinen svært stor, måtte ein sprengja. Anten bora han, eller knusa han ved å leggja ein detonerande sprengladning av geomitt oppå. Det kalla dei «å bjødna».

Arbeidslag

Og vegen gnog seg oppetter Kjosåslida, akkord etter akkord. Det var folk som arbeidde der for kortare eller lengre tid, men då var det berre eitt arbeidslag. Kanskje den som hadde lengst tid var Sigurd Vik, som var arbeidsformann, bas. Ein annan veldig flink kar, var Tor Melstveit, som var gråsteinsmurar. Han var ein som fekk dei store steinane til å lyda med det vesle spettet sitt, men han var avhengig av snus, og det vart sagt at han «åt» ei øskja snus for dagen, ingen såg at han spytta. Dei svenske rallarane, tenkjer eg, gjorde det ikkje likare enn han.

Vegarbeidet gjekk på framover, og åra gjekk òg. Då vegen var komen så langt som opp under fyrste garden på Kjosås, var eg blitt seksten og eit halvt år, og fekk arbeid på anlegget. Då var Erling Skeie bas. Smia vart flytt opp på Leite, så då var det ikkje så langt å bera dei tunge borane når dei skulle kvessast. Hjalmar Stuve hadde vore borsmed ei heil stund då. Å smi bor var å hamra kvass egg på dei. Eggja skulle vera litt breiare enn



Rallarane er f.v.: Hjalmar Stuve, Magne Kjosås, Sigurd Vik (basen), Erling Skeie, Tor Melstveit og Alf Martinsen. Foto: Hjalmar Stuve

boren, slik at ein ikkje slo han fast i fjellet. For å få eggen akkurat passe var det eit mål på stabben som ambolten stod på, to spikrar som eggja skulle gå akkurat gjennom. Etter dei var smidde, skulle dei herdast. Stålet var blitt for mjukt av at det var gjort glødande, så då måtte det attende til essa og bli gloraudt på ny, akkurat passe, og så stikkast fort ned i ei bytte med kaldt vatn. Det var ein kunst å treffa det akkurat, for vart stålet for hardt, så kunne det knekka stykke av boren nede i boreholet, og då fekk ein eit problem. Det nytta ikkje å bora i hòlet dersom ein ikkje fekk opp stålsplinten. Ein måtte ty til lure metodar. Ein latein av tre måtte stikkast ned i boreholet, og bankast i enden, og så håpa ein at stålsplinten hadde sett seg fast i treet. Som oftast gjekk det bra.

Eg fekk vera med

Eg fekk vera med på to akkordar der på Kjosås, frå den nedste garden og opp til toppen. Det var på dyrka mark, så derfor vart det mykje arbeid med jord. Det var i tillegg mykje regnvêr på den tida, så det var ikkje så triveleg alltid. Å balansera den blytunge «geita» nedover dei sleipe plankane og skrapa moldsørpe ut av ho på fyllinga, var ikkje så særleg kjekt.

Då vart det betre då me fekk ein akkord på vegen bort til Stuve. Der var fjellet mest fram i dagen, så det vart mykje boring og sprenging. Vêret vart betre og me hadde det rett kjekt der utover hausten. Erling var ein støvande flink og kjekk bas. Her fekk eg læra å mina og slå med feisel. Det tok ei tid før eg vart sikker på dei slaga, og eg trur kanskje det vart litt blødande fingrar på den som snudde boren stundom og. Men øving gjer meister også her, så etter kvart gjekk det bra. «Det er berre til å peisa på!»,



Forfattaren ikledd bus-hatt.

sa Erling, «han som snur må halda langt ned på boren, skreva godt ut og bøya hovudet godt bakover!»

Når ein slo med feisel, gjekk det i ein viss takt. Det var fint å syngja til, sa Erling, då heldt ein takten lett. Men det måtte vera rallarviser med rette takten. Og song gjorde me når me sleit på dei tyngste steinane på fyllinga. Som til dømes:

*«Blandt de svarta fjellan opp mot høga nord
hvor de villa fossar styrta sig mot fjord,
sjungar jag min rallartrall
mens feislen hamrar bergets lag,
og mitt namn er Pelle Karlson Tordenbrag.»*

Uniforma for ekte vegslusk var «bus-hatten». Det var ein gamal lurvete hatt som alltid var på hovudet. Så førte det nok også med seg ein viss vyrdnad å vera brun av snus kring munnvikane. Det vart ikkje meg til del, eg var for ung. Og røykinga måtte eg nok òg gjera i løynd på den tida.

Her fekk eg læra mykje om arbeidet med stein: Kor viktig reiskap spettet er, og kor langt ein kunne frakta ein stor stein med eit spett på kvar side. Like eins å knusa stein med sleggje. Det var ikkje berre å daska og slå kvar som helst, då brukte du for mykje krefter til fånyttes. Det galdt å sjå etter kvar steinen hadde svakaste punktet, finna «gangen» i steinen. Elles var det opplæring i muring, og kor det var viktig at det vart band i muren.

I den alderen var eg sjølvsagt litt stolt av dette at eg var komen i lønna arbeid. Det medførte òg at ein skulle svara skatt. Eg minnest at eg gav far min ein god skratt då eg skulle fylla ut mi fyrste sjøvmelding. Han skulle hjelpa meg litt med det, og så var det eit spørsmål etter yrke. «Kva skal eg skriva der - eg skriv pina deg anleggsbus!»

Krigsminne hos ei lita jente – eit hyggeleg minne, og ei skummel historie

av Kirsten Kleivane

Mor mi, Solveig Dalane f. 1929, vart fødd Tveiterås. Ho var 11 år då krigen kom i 1940. Ho vart tidleg morlaus, og faren sat att med ein ungeflokk på sju, der yngstemann var berre 2 år. Han gifte seg raskt opp att.

Då mor fortalde om krigen, var det to minne ho stadig trekte fram. Det første var for henne eit hyggeleg minne, men det andre var mykje verre.

Mor sin barndomsheim er det øvste huset i Totræna. Det ligg eit stykke nedanfor den nye parkeringsplassen til skianlegget, og står i dag tomt. Men då krigen braut ut, var det vesle huset ganske fullt: Det var bestefar, med den nye kona, og dei sju ungane, i tillegg til to onklar. Til saman budde det 11 personar der.

Då tyskarane hadde teke Bergen i april 1940, var det mange bergensarar som rømde byen, av redsle for at byen skulle verta bomba. Mor fortalde at det straks kom fleire byfolk til tuns i Totræna. Eg trur ikkje det var slekt. Det var heller kjentfolk som ville koma til ein tryggare stad utpå bondelandet. Trass i at huset alt var ganske fullt, fann dei på eit vis plass til endå fleire.

Mor fortalde at ho og søskena syntest det var kjekt. Det var byungar med, og det var spennande å leika med dei. Kor lenge dei vart verande, veit eg ikkje – dei for nok tilbake til Bergen etter kvart. Men i tida etter krigen kom dei tilbake og leigde seg rom i påskehelgene, for å kosa seg i det fine skiterrenget i Totræna og innover til Breilia.



«Fullt hus i Totræna», frå høgre: Sverre, Solveig, byjente, Sigurd (som snur seg), og bak til høgre for Sigurd er Otto. Dei andre er nok byfolk.

Så kjem me til det andre minnet, som slett ikkje var hyggeleg.

Det må ha vore kring jul og nyttår 1942/43. På denne tida var det kome to nye småsøsken i Totræna.

Ein dag kom to ustelte menn inn i huset. Truleg kom dei frå byen over fjellet. Ingen av mannfolka var heime, dei var nok vekke på arbeid. Så det var stemora med to dei små, og mor og søskena hennar, som var heime. Sjølv sagt var dei redde. Mennene var både våte og svoltne, og dei gjorde teikn til at dei ville ha mat. Dei peika på sokkar som hang til tork over omnen.

Dei visste at om dei hjelpte flyktningane, og tyskarane fekk vita om det, så risikerte dei streng straff. Som rimeleg er, så vart dei redde og ville helst ikkje gje dei noko. Etter kvart forstod dei at det var russiske fangar som var på flukt. Fangane tok seg til rettes både med litt mat og tørre sokkar, før dei for nedover bakken til ei utløe lenger nede. Der var det fullt av tørrhøy på den årstida. Løa tilhørde nokre gardbrukarar på Tveit, og her la rømlingane seg til.

Oppe på Totræna var dei urolege og i tvil om kva dei skulle gjera, og fann til slutt ut at det kanskje var best å melda frå. Ein av dei eldste gutane vart send til Tveit, der det var telefon. Han melde frå til lensmannen på Tysse, og ein av mennene på Tveit viste han utløa.

Der fann dei russarane. Først prøvde dei å gje seg til kjenne som «vener» og bad rømlingane om å ikkje verta verande, men fara vidare. Seinare fekk nok lensmannen «kalde føter», og vart redd for at dette kunne verta kjent, slik at tyskarane fekk høyra om det.

I alle fall kom han tilbake til løa saman med nokre tyske soldatar. Russarane hadde enno ikkje fare vidare, så dei var framleis i løa. Tyskarane skaut inn i løa, så den eine vart treft og døydde der inne. Den andre kom ut med armene over hovudet. Tyskarane grov ei lita grøft attmed løa og la den døde der. Han var ikkje skikkeleg nedgraven, så både armar og bein stakk opp. Den andre for dei av garde med, bak på ein motorsykel. Også han vart truleg teken av dage.

Dagen etter var det skuledag, og borna skulle på skulen. Dei måtte gå forbi løa, og der låg russaren berre delvis skjult. Dei vart veldig redde, og syntest dette var forferdeleg. Mor hadde to yngre brør med seg, ein i kvar hand.

Eg veit ikkje sikkert om han vart liggjande slik i fleire dagar, men mor fortalde at etter dette var ho forferdeleg mørkredd i lang tid, og tenkte på dette kvar gong ho gjekk forbi løa.

Nokre gardbrukarar på Tveit tok affære, og snikra i hop ei kiste og la han i, og dei grov ei grav til han der i ei myr dei kalla Olstramyra.

Denne hendinga kunne mor mi aldri gløyma, det gjorde eit veldig sterkt intrykk i eit barnesinn. Også for dei vaksne og større borna var dette ei dramatisk hending, og dei spurde seg ofte om dei gjorde det rette ved å melda ifrå om rømlingane.

Merknad frå redaksjonen: Me har spurt i fangeleiren i Arna om russarane kan ha kome derfrå. Dei trur heller dei må ha kome frå ein leir i Åsane, der det var russarar i fangenskap.



Løa står framleis ved vegen til Totræna, rett etter avkøyrsla til Solheim.

Samnanger Venstrelag 1893 – 1921


av Karin Høysæter Steinsland

Historielaget har vore så heldig å få tilgang til ein protokoll frå møta i Samnanger Venstrelag frå 1893 til 1921. Her får me eit lite innblikk i kva som rørde seg i Samnanger på den tida.

Eg har valt å ta med ein del direkte sitat frå styreprotokollen. Framleis i union med Sverige til 1905, men skriftspråket i Noreg var sterkt prega av dansk. I denne 25-årsperioden vart referata skrivne på riksmål først, og så på landsmål. Men kva skjedde seinare med venstrelaget?

Venstre vart grunnlagt som det første politiske partiet i Noreg i januar i 1884. Høgre vart skipa i august same år, og Arbeidarpartiet i 1887. Nordmenn var svært opptekne av alt nasjonalt, av grunnlova frå 1814, av unionen med Sverige kontra fullt sjølvstyre. Mykje fokus var retta mot stemmeretten.

Allmenn stemmerett vart ei fanesak for Venstre nasjonalt. Det var på den tida stemmerett for menn over 25 år, dvs. for menn som eigde jord / ein matrikkel, eller hadde skattbar inntekt. I 1896 var det 300 kroner! For å få stemmerett var det enkelte som kjøpte seg ein liten parsell, altså eit lite jordstykkje. Dei vart hånleg kalla for ”myrmenn”. Frå 1885 måtte verdien på jordstykket vera minst 20 kroner – og gjekk ein mann fallitt på den tida, miste han også stemmeretten. Allmenn stemmerett, slik me no ser på det, var det ikkje. Det hadde vore fleire kritikarar til utviding i partiet, men eit samla parti stemte til slutt for allmenn røysterett for menn i 1898. Med reint fleirtal i Stortinget, vart det då vedteke med god margin.



Utsnitt av styreprotokoll Samnanger Venstrelag 1893

Oppstarten av Samnanger Venstrelag

Kvifor på den tida – og kvifor på Ådland?

Skipingsmøtet for Samnanger Venstrelag vart halde 7. mai 1893. Kr. M. Kvammen, som hadde teke initiativet til samlinga, vart vald til formann. Han var lærar og kyrkjjesongar i bygda. Med seg i første «bestyrelse» hadde han: «gårdbr. P.N. Løvskar – næstformand, lærer Knut Tvedt – sekretær, kontorist Johs. Reigstad, landhandl. Johs. Svendsdal, gårdbr. Samuel Nordbø, sergent Haavard Berge, samt supleanter: gårdbr. Anders I. Tvedt og agronom Nils Lauvskar.»

Dei første møta var i stova hos Johannes Thommassen (1816–1897) på Ådland (sjå *Samnanger 1* s. 324). Han stilte med hus til både styremøte og andre venstrelagssamlingar. Møta vart oftast haldne om søndagane eller andre heilagdaggar, rett etter kyrkjetid, for då var folk samla på Ådland likevel. Då han døydde, husa sonen – Johan Aadland (1863–1933) – venstremøta. Etter kvart vart møta òg haldne på Reistad skule og på Tysse skule.

Det var stor aktivitet i bygda på slutten av 1800-talet. Det vart bygd veg frå Trengereid til Ådland. Det var optimistiske tider med nybygging, skyss-stasjon og i tillegg endringar/utskifting for gardane på Ådland. Vegen vidare til Tysse var under arbeid, med mange vegarbeidarar i sving. Vegen frå Haga til Fiske starta òg opp. Ullvarefabrikken var i full drift på Tysse, og interessa for fagforeiningar vakna.

Føremålet: Følgjande lover vart einstemmig vedtekne for Samnanger Venstrelag den 7.mai 1893. Dei viser kva som var føremålet med å stifte laget. Å halda folkemøte rett etter kyrkjetid var ein god måte å få informert og opplyst folket på, før massemedia si tid.

- § 1 *Samnanger Venstrelag er stiftet for at vække og samle bygdens folk til vern om vor folkerett og til arbeide for de med udviklingen følgende reformer.*
- § 2 *Venstrelandet søger i den hensigt at faa afholdt møder og foredrag, søger at virke for deltagelse i valgene, søger sammenslutning med meningsfælder og søger for øvrigt paa den måde og med de midler, som måtte stå til rådighed, at virke for sit formaal.*
- § 3 *Enhver hæderlig og selvhjulpen mand i Samnanger sogn kan blive medlem af venstrelandet, når han melder sig hos et af bestyrelsens medlemmer og erklærer sig enig i lagets formaal. – Ved behandlingen af spørgsmaal angaaende offentlige valg kan kun de medlemmer af laget, der er stemmeberettigede, deltage i voteringen.*
- § 4 *Venstrelandets anliggender ledes af en bestyrelse af 7 – syv – mand, der inden sin midte vælger formand, næstformand og sekretær. Af bestyrelsens medlemmer udtræder hvert år vekselvis 3 og 4, første gang efter lodtrekning, siden de, der har fungert længst.*
- § 7 *Den årlige medlemskontingent er 25 – tyve fem – øre.*

Politisk engasjement og store folkemøte: Styret søkte samarbeid med meiningsfeller, som med Venstre i Os. Til 1907 var Samnanger ein del av Os. Formannen skreiv til «de herrer» Haldor Midthus, Annanias Tvedt, Lars Berge og O. Spansteigen: *«For å undgaa misforstaaelse og mistillit hos vore politiske meningsfæller derute – allerede nu at oplyse om at foreningen er stiftet, særlig for at sprede politisk oplysning i vor bygd og støtte Venstre i hovedsognet ved anstundende valgmandsvalg.»*

Kor mange medlemmer som var med frå første dag i Samnanger Venstreilag er ikkje funne dokumentert. Men at den politiske interessa var vekt i bygda på 1890-talet finst det fleire døme på.

Alt ti dagar etter stiftinga, den 17. mai 1893, gjekk det ein prosesjon frå Ådland til Hisdalen og tilbake til Ådland. Dette var en «corporation» av venstremedlemmer og arbeidarar på veganlegget Ådland – Tysse. Knut Tvedt heldt tale for *«Norges frihed og vor frihedsdag»*. P. N. Løvskar talte for *«arbeiderne og almindelig stemmeret»*. Vegarbeidar Ekanger talte for *«den norske bonde»* og *«noget om arbeiderorganisasjonen»*. Songkoret var møtt fram og song eit par *«fædrelandssange»* (dette var før musikklaget var grunnlagd). Ein skildrar mellom anna òg at *«salutter affyredes ved begyndelsen og afslutningen af prosesjonen»* i referatet frå møtet den 17. mai 1893.

Laget bestemmer dessutan denne dagen at leiar Kvammen skal senda eit innlegg til riksavisa Dagbladet, der han gjev klar melding om kva det nystifta venstreilag står for:

«Samnanger Venstreforening samlet til Møde paa Fædrelandets Frihedsdag sender herved Ministeriet Steen og Stortingets Flertal sin dybtføjte Tak for det med Forstand og Kraft ogsaa i indeværende Aars Storting udførte Arbejde for vort Lands Ret, Selvstændighed og Velvære med Ønsket om, at dette Arbejde maa fortsættes, til Maalet: fuld Ligestillethed med og Uafhængighed af Sverige er naaet, og vi – om muligt for stedse – kan se os forskaanet for en Regjering som den, vort Land for Tiden er bebyrdet med.»

Samnanger, 17–5–93.

*Kr. M. Kvammen,
f. t. Formand.»*

I august det same året var det politisk føredrag ved hr. Erik Wullum på Ådland. I den samanheng gjekk dampskipet frå Ådland ekstratur. «*Ca. 500 tilstedeværende*», står det i referatet, men utan noko nærare om innhaldet i føredraget den gongen. I trondheimsavisa Folketidende skreiv ein at Wullum hadde ei to timar lang innleiing, før andre talarar frå Venstre tok over. Ingen frå Høgre møtte til debatt, trass oppmoding.

I september var det nytt folkemøte på Tysse, og sju nye medlemmer teikna seg.

Året etter, i mars 1894, vart Ola Tjosaas vald til formann. Styret for venstrelaget var svært aktivt desse første åra. Det vart haldne fleire føredrag av tilreisande føredragshaldarar og kjende redaktørar.

Eit anna døme – som ikkje akkurat går på samarbeid – er frå april 1894: Hr. Johs. Lavik heldt, på oppmoding frå Venstre, føredrag om «*vor forfatningskamp med Sverige og politiske citation*». Denne gongen heldt redaktør Michelet frå Stavanger føredrag «*på Høires anmodning*» på Tysse same dag. Og i følgje styret i Venstre «*søkte sidsnævnte at skremme fra Venstre 24 nye medlemmer (som) tegnede sig den dag i venstrelaget.*»

Månaden etter, i mai 1894, heldt redaktør Henrichsen politisk føredrag på Ådland for 300 frammøtte – og tre nye medlemmer teikna seg.

Protokollen frå årsmøtet i 1895 seier at lagstiftar Kvammen då var utmeld. Årsak til utmeldinga er ikkje kommentert. Han og familien flytta i 1897.

Knut Tvedt hadde vore skrivar og nestformann frå starten av. Han tok over som leiar i Venstre-laget på årsmøtet den 17. mai 1897, og var leiar i ei årrekke.

Stemmerett for kvinner – «upaakrævet»? År 1906, i april, hadde venstrelaget møte i skulen på Reistad, og 25 medlemmer med stemmerett møtte. Forslag til valprogram for 1906 var til handsaming.

Mest interessant for ettertida – særleg for kvinnene – er kanskje at sju av mennene i Samnanger Venstrelag då stemte imot stemmerett for kvinner. Men fleirtalet i Samnanger Venstre var altså einige med framlegget frå landsmøtet i Venstre, som vart vedteke, om at kvinnene måtte få stemmerett.

«Post 6: Kvindestemmeretten vakte nogen diskussion og vedtages mod 7 stemmer, der mente at reformen var for tiden upaaakrævet.»

To andre omdiskuterte postar i valprogrammet i 1906 var «*Edruelighed*» og «*Præstevvalg*». Her legg ein merke til at kvinnene i alle fall er nemnde: «*Der gives de i et præstegjeld bosiddende til statskirken hørende mænd og kvinder, som har fylt 25 år, indflydelse paa præstevvalg.*» Fire av mennene meinte at det burde stå «*væsentlig indflydelse*».

Som nemnt vart møta gjerne haldne om søndagane «*strax efter endt gudstjeneste*». Slik også den 15. juli 1906, då det var prøveval for stortingskandidatar. Styret innstilte Hr. udskifningsformand Kloster til stortingskandidat og Hr. N. S. Røsseland som varamann.

Blant dei som starta opp Venstre i Samnanger, og blant seinare medlemmer, var mange lærarar. Venstre vart i si tid kalla for lærarpartiet.

Økonomi i laget – og flagg: Kontingent starta med 25 øre for året. Denne summen vart diskutert og føreslege endra fleire gongar på årsmøta framover. Forslaget om at medlemmer kunne betala etter evne i 1898, vart heller ikkje vedteke. Men i 1921 står det i §2: «*I årspengar betalar kvart medlim 50 øyre.*» I styreprotokollen står elles lite om økonomi.

Ei viktig sak for laget var å skaffa flagg. Allereie i mai 1893 prøvde dei å samla inn midlar til flagg, men det tok si tid. Også i 1894 vart saka utsett. I 1895 i fekk dei inn kr 12,20 – og truleg gjekk det til flaggkjøp. Flagget var eit sterkt symbol i kampen for unionsoppløysing fram mot 1905.

Arbeid for laget: I 1896 laga styret ein plan med rodeinndeling for arbeidet i laget. Ei rode kan samanliknast med ei grend eller ein (val-)krins. Så her får ein også eit godt inntrykk av kvar i bygda folk budde på den tida. Rodefórfaltarane var pålitelege menn som hadde ansvar for å opplysa folket om politiske saker, men også samla inn stemmer frå medlemmene, dvs. menn over 25 år, til val av utsendingar til såkalla valgmansvalg.

Samnanger venstrelag delte Samnanger inn i 19 roder (namn som skrivne i 1896):

- Rode 1 Solbjør – Sagen
Forvaltarar: Josef Tveiten og Haldor Vaage
- Rode 2 Trengereide, Nordbø, Stolpene, Skjelaaen,
Brakaholen, Liøen
Forvaltarar: Johan Stolpene og Anders Nordbø
- Rode 3 Hisdalen
Rode 4 Kvernes, Lid
Forvaltar: Ola Joh. Holdhus
- Rode 5 Aadland
Forvaltar: Johan Aadland
- Rode 6 Reistad, Nordvik, Røen, Lauskar, Haukenes
Forvaltar: Knut O. Nordvik
- Rode 7 Aldal, Gjerde, Dalane
Rode 8 Steinsland, Haga, Åsen
Forvaltar: Joh. Aldal
- Rode 9 Tveiteraas, Tveit, Langeland
Forvaltar: A. Tveit
- Rode 10 Fiske, Myren, Nyutletræ, Grønsdal
Rode 11 Kleivene, Steinhushaug, Kvitingen, Tverlien
Forvaltar: Anders Nyutletræ
- Rode 12 Høisæter, Svendsdal
Rode 13 Børdal, Storlien
Rode 14 Eikedalen
Rode 15 Frølandsdalen, Tysseland
Forvaltarar: Nils N. Tverlien, Nils L. Høisæter
- Rode 16 Gaasdal, Tysse
Forvaltarar: Mons Nilsen, Joh.B. Reistad

Rode 17 Gaupholm
Forvaltarar: Joh. J. Gaupholm

Rode 18 Sandvik
Forvaltarar: Hans Lundebø

Rode 19 Djupvik, Sævold, Utskott
Forvaltarar: Ole H. Sævold, A. Sævold



Josef Tveiten

Kvinnene vart velkomne: I juni 1921 – for 100 år sidan – vart det laga nye lover for Samnanger Vinstrelag. Då var det ein heilt annan ordlyd enn i oppstarten i 1893. Både føremålet til laget og kven som kunne verta medlemmer var då vesentleg endra:

§ 1 Samnanger Vinstrelag har til fyremål å samla menn og kvinner av vinstre i Samnanger herad til arbeid for ein nasjonal, demokratisk og frilynnt politik i stat og kommune. Laget melder seg inn i fylkessamskipnaden for vinstre i Hordaland

§ 2 Alle kvinner og menn i heradet som er yver 18 år og godkjenner det i § 1 nemnde grunnlag for arbeidet, kann verta medlimer av laget. I årspengar betalar kvart medlim 50 øyre.

Kvinner fekk stemmerett i Noreg i 1913, så det var på høg tid å endra på lovene for laget lokalt i 1921. I dag – med kvinneleg partileiar i Venstre – verkar dette så sjølvsagt!

Lærer Josef Tveiten var leiar av Samnanger Vinstrelag i 1921, då den første styreprotokollen vart utskriven. Han var før det mangeårig styremedlem og sekretær, og det er han og hans etterkommarar som har teke vare på denne handskrivne møteprotokollen frå 1893, frå oppstarten av Samnanger Venstre.

I 1922 vart Samnanger Arbeiderparti stifta, noko som påverka «vinstrelaget» lokalt. Det er ei anna historie. Samnanger historielag tek gjerne imot dokumentasjon om dei politiske partia i Samnanger.

Samnanger på gamle kart – og litt om stadnamn

av Øyvind Røen

Kartverket har mange historiske kart i arkiva sine. Me presenterer to av desse på dei neste sidene. Begge karta er delte i to (går over to sider) slik at målestokken ikkje skal verta altfor liten. Du treng nok likevel eit godt aukeglas (lupe) for å kunna lesa namna på karta. Men du kan også sjølv gå til nettsidene til Kartverket og studera desse karta der.

Adressa er:

www.kartverket.no/om-kartverket/historie/historiske-kart

Her kan du òg finna fleire kart der Samnanger er med.

Så litt om dei to karta:

1. S. 78 og 79: utsnitt av *Søndre Bergenhus amt nr 7: En Deel af Nordhordlehns og Südhordlehns Fogderie udi Bergens Stift*, frå ca. 1790. Kartet er handteikna av S. Thodal.

Me ser at kartteiknaren har fått med dei store linjene i Samnangerlandskapet, med det er òg mange feil, t.d. har Kvanndalsvatnet kome på vestsida av Kvitingsvatnet.

Nokre av dei gamle vegane (stiane) er med på kartet. Me ser t.d. vegane over Vetlebrekken, frå Våga, og Storebrekken, frå Trengereid. Vegen frå fjorden over Storelva ved Bruabotnen og til Høyseter og vidare til Eikedalen er òg komen med

Stadnamna, som stort sett er gardsnamn, har som venta fått forvanska danske former. Elles kan me merka oss namnet «Buur Field». I dag er «Burlifjellet» den mest brukte varianten av dette namnet, men det kan henda at «Burfjellet» er den opphavlege forma, og at det er utsjånaden til fjellet som har skapt namnet. Det kan minna om eit bur, i tydinga 'hus' (jf. stabbur).

Me finn òg «Tonen» på kartet, ikkje «Tvedteraas» e.l.

2. S. 80 og 81: utsnitt av *16D 12; 17C 9; 23A 1*, frå 1864, handteikna/ oppmålt av J.N. Hertzberg og O. Petersen.

Det er framleis nokre feil, men me ser at kartarbeidet har gjort store framsteg på dei ca. 75 åra som har gått sidan det første kartet vart teikna.

Prestavegen burde ha vore med på dette kartet; han hadde vore i bruk nokre år i 1864. Men fleire av dei viktige gang- og reislevegane¹ er med. Dette vart òg nytta til fedrifter mot Bergen, sjå Knut Langeland sin artikkel i årboka frå 2004.

Stadnamna på dette kartet er ei «salig blanding» av dansk og samningadialekt («Aspekleiv», «Brakabotten», «Stentveit», «Landsvig»).

Kjært barn ...

Det er nok ikkje råd å lesa den i trykte utgåva, men på nettet er det mogeleg å sjå «Brattefos» på kartet frå 1864. Dette er det eldste dømet eg har funne, på denne namneforma. DNT si årbok frå 1873 skriv òg om «Brattefossen», men ei avis frå 1878 brukar forma «Fossen Bratte»². Dette vart etter kvart den vanlegaste namneforma, og er einerådande no, men «Brattefossen» var nok brukt lenge i Samnanger. T.d. skreiv Nils Lauvskard i bygdeboka (1930) at dette er det rette namnet på landemerket. Også hardingane har nytta «Brattefossen»: I 1936 fortel Hordaland Folkeblad at vegen har fått tre-overbygg ved Brattefossen.

Elles var «Eikedalsfossen» («Egedals-») ofte brukt på 1800-talet når utanbygds folk skreiv om staden. Og så kjenner me bergensarane sitt namn, «Brudesløret», frå nyare tid.

Min teori har vore at «Fossen bratte» (b-en skal vera liten) er ei nasjonalromantisk form som vart konstruert etter gammalnorsk mønster (jf. *Ormen lange*) då turistane byrja å ferdast her. Men dette vert nok ståande som den offisielle namneforma.

¹ Sjå side 84

² Sjå side 87







Vegar og ferdsel

av Øyvind Røen

Samnanger fekk ikkje køyrevegar (kjerrevegar) før seint på 1800-talet. Men det samningane har kalla «vegar», heilt opp mot vår tid, var oftast enkle gangvegar eller «stiar»¹, som me seier no. Men før køyrevegane fanst det òg vegar som var oppmura og utbetra, slik at det var lettare å ri eller koma fram med kløvhest. Ordet samningane brukte om slike vegar var «reisleveg», som helst tyder ‘kløvveg’ eller rett og slett ‘hesteveg’. Den mest forseggjorde av desse var vel vegen som gjekk frå Tysse og opp mot Kvamskogen.

Om vinteren kunne nok slede og hest nyttast viss is- og snøtilhøve låg til rette for det, men me veit vel ikkje så mykje om kor vanleg det var å frakta folk på denne måten.

Samningane kunne sjølvsagt ha mange ulike grunnar til å ferdast langs stiar eller vegar. Men «å gå på tur» var ikkje oppfunne. Folk hadde oftast eit anna føremål enn turen i seg sjølv, iallfall viss dei skulle langt av garde. Å vera turgåar og turist var eit fenomen som kom med nasjonalromantikken og spreidde seg etter kvart frå overklassen nedover til vanlege folk på slutten av 1800-talet.

Svært ofte gjaldt det på ein eller annan måte arbeid eller matauk når samningane nytta dei gamle vegane: Dei skulle i marka eller til fjells for mjølka kyr eller skaffa før. Dei skulle hogga ved og tømmer. Dei skulle jakta og fiska eller pitla bær. Og stundom skulle dei frakta varer og dyr (fedrifter) landevegen.

Ein annan grunn til å ferdast var rett og slett å møta andre menneske. Dette kunne vera alt frå «juleveitler» til friarferder. Å reisa til kyrkja på Ådland kan nemnast særskilt. Her gjekk det sosiale og det religiøse hand i hand. Før det organiserte lagslivet vaks fram i siste delen av 1800-talet, var kyrkja staden der alle samningar kunne møtast

¹ Forma «sti» kom for alvor inn i samningadialekten med orienteringsidretten, rundt 1970. I gamle dagar snakka dei om «steg» (stig), men dette var oftast eit bratt parti i ein gangveg



På kyrkjevegen sørover frå Ådland, 1889.

Her følgjer eit utdrag (noko omarbeidd) frå kapittelet som eg skreiv i boka «Samnanger kyrkje gjennom tidene», som vart laga til kyrkjejubileet i 2001:

Til kyrkja på Ådland reiste folk året rundt nærsagt same korleis ver og føre var. Tenk berre på barnedåpane: Til innpå 1900-talet skulle borna døypast så snart det var gudsteneste. Sjølv midt på vinteren tok dei difor ut med born som berre var nokre dagar gamle, t.d. den lange vegen frå Kvitingen.

«Hovudvegen» vår i gammal tid var fjorden. Å sigla eller ro var sjølvsgatt lettaste måten å koma til kyrkja på for alle dei som budde langs fjorden. Men mange av dei som budde lenger frå sjøen, reiste òg siste stykket i båt. Det var vanleg at gardane hadde naustrett og båt sjølv om dei ikkje hadde strandlinje. Berre folk frå dei næraste gardane i Nordbygda og frå Hisdalen brukte alltid landevegen til kyrkja. Å ferdast på fjorden kunne vera triveleg ein solsendag om sommaren. Men i skikkeleg uver var det

ikkje moro å vera på kyrkjeferd. Eg kan minna om ulukka i 1863 då 12 menneske, konfirmantar og andre, drukna på veg til Os. Dette førte elles til at presten i Os skulle koma inn til Samnanger i staden for at konfirmantane skulle reisa ut til Os for å få undervisning.

Neset på Ådland, Kyrkjeneset som det heitte elles i bygda, var lendingsplass for kyrkjebåtane. Nils Lauvskard fortel at det har vore munnleg tradisjon på at «neset hev vore som kyrkjeålmanning, eller at kyrkja hadde ein sær gamal rett på staden». Ved Neset (i Prestavegen) ligg Likleitet. Her skulle gravferdsfylgja setja ned kista. Så skulle éin i følget gå i kyrkjetårnet og ringja med klokkene før dei kunne bera kista vidare. Skikken var elles den same om dei kom ein annan veg med kista.

Om vinteren fraus iallfall inste delen av fjorden til, og båtferd var umogeleg. Men var isen trygg, kunne ein både gå og jamvel køyra over han. Straumen frå Tysseelva skapte heller ikkje slike vanskar i gamle dagar, før kraftverka sende mykje vatn ut i fjorden året rundt. Ja, sjølv etter at kraftverket på Frøland vart sett i drift i 1912, var straumen frå elva så stabil, beint på Haukanesodden, at ein stundom la plankar over dersom det var open råk. Men særleg vår og haust var det meinsis, dvs. is som var for veik til å gå på, men for sterk til å ro gjennom. Då måtte ein ferdast på land.

Dei gamle gang- og reislevegane gjekk ikkje alltid der bilvegane går no. Viss me ser for oss Samnanger-bygda t.d. i 1851, det året kyrkja på Ådland var ferdig, er det lett å tenkja seg til at det var vanskeleg å ferdast nær sjøen fleire stader. Store og ofte bratte fjellryggar stengde. Tenk t.d. på korleis Haukaneset, Nesodden (Gjersodden) og Hagamulen såg ut før vegen skar seg inn i landskapet. Vegen måtte altså stort sett gå lenger oppe i liene enn der bilvegane går i dag.

Me startar med kyrkja og prøver å følgja den gamle vegen austover: Han gjekk først over bøane på Ådland, og gjennom marka innover til Skottabakken. Så ovanom Grendahuset, over den gamle Sjoabrana nedst i Reistadelva (der vegen til Rødne byrjar) og vidare oppover mot Rødne. Her ligg Kyrkjelihaugane og vitnar om at dette er gammal kyrkjeveg. Men andre namn som Stutadiket, Drøftahjellen og Stølen fortel at folk

(og dyr) ferdast i andre ærend òg: Dette er ein av dei gamle driftevegane frå Hardanger og Samnanger til Bergen.

Frå Rødne gjekk vegen gjennom Skaret bakom Høgeskolten og vidare ovanom Øvre-Lauskar (det gamle tunet) – og så gjennom marka i bein lei mot Aldalen. Derifrå sikta vegen seg inn på det gamle tunet på Gjerde, Gamlehusa, om lag der det øvste bygget på barneskulen ligg. Like etter delte vegen seg. Til venstre kunne ein gå mot «Tonæ». Namnet Tovegstjørna er eit minne om denne vegen. Her på nordsida av Åsen ligg òg Bruraskaret, som fortel om kyrkjeferd.

Frå Gjerde gjekk det òg gangveg mot Steinsland, der vegen igjen delte seg. Til høgre kunne ein gå til Haga og Tysse, og endå lenger utover på austsida av fjorden viss det trongst. Til venstre gjekk vegen opp liene og på vest- og sørsida av Åsen, over Torvgardsmyra der skogsvegen tek av frå Hagabotnane no. Var ein komen vidare over Ilaget, delte vegen seg endå eit par gonger. Ein kunne gå ned Tysseldalsdalen mot Frølandsdalen. Ei annan veg gjekk nordover mot Tveit, Grønsdalen og Kvitingen, men litt lenger framme her kunne ein òg ta av mot Langeland og Bruabotnen og vidare opp Sandbrekka til Svendsdalen. Derifrå kunne ein gå til Høyseter og Eikedalen, gjennom Hul(d)abotnen eller til Børdalen. I marka mellom Svendsdalen og Børdalen heiter det enno Kyrkjevegen.

Så hoppar me attende til kyrkja og snur oss vestover: Frå kyrkja gjekk det ein gammal sti rett opp Ådlandsliane mot Hisdalen, og derifrå kunne dei sjølv sagt gå vidare ned til Trengereidfjorden og heilt til Solbjørg. Denne stien over Storkleiva var knapt framkomeleg for hestar og kyr, og den gamle driftevegen som eg alt har nemnt, gjekk kanskje forbi Skarsvatnet til Trengereidfjorden, og så vidare over Brekken til Fana og Bergen. Denne kunne vel òg verta brukt som kyrkjeveg.

Rett sørover frå Ådland gjekk iallfall ein veg til Kvernes over høgda der bilvegen ligg no, men utan å gjera kroken oppom Masterskaret («Liakrysset»). Langs denne vegen finn me namn som Kyrkjerinden og Kyrkjekvilet. Vegen enda i Kyrkjestøa nedanfor Kvernes, og her la folk til med båtar viss det var is lenger inne i fjorden.

Den første norske køyrevegen eller kjerrevegen vart bygd tidleg på 1600-talet for transport frå sølvgruvene på Kongsberg, og det vart etter kvart fleire av dei såkalla «kongevegane» mellom landsdelane. «Den bergenske kongevegen» over Filefjell, som var ferdig 1793, var ein av desse. Men det var først på 1800-talet at det var fart på bygginga av køyrevegar i Noreg. Særleg veglova frå 1851 stimulerte til dette. Ein av grunnane var at lova slo fast at det var Stortinget og kommunane (før Kongen og amtmennene) som skulle løyva pengar til høvesvis hovudvegar og bygdevegar.

Prestavegen er kjend som den eldste vegen i Samnanger. Denne var truleg ferdig i første halvdel av 1850-åra. I 1855 vart det iallfall bede om pengar til ein mur i den vanskelege Gullkleiva ved Søvika – heradsstyret sa elles nei til dette. Men Prestavegen var ein vinterveg for slede. Han vart bygd for at presten skulle koma seg frå Os til Ådland når det var meinsis på fjorden. Det gjekk enno ei tid før det kom skikkelege køyrevegar i Samnanger.

Men sidan Samnanger ligg der det ligg, ved inngangen til Bergens-halvøya, vart det tidleg snakk om å byggja hovudvegar gjennom Samnanger, og jamvel jarnbane var på tale. Eg har funne to avisartiklar frå 1840-åra som nemner Samnanger i samband med større vegprosjekt.

I 1846 skriv Morgenbladet om planane for «Telemarksvegen», som er namnet på ein ny hovudveg mellom Oslo og Bergen, over Haukeli. Ein tenkte seg at denne vegen skulle gå til Åkrafjorden (slik E134 gjer no). Derifrå, skriv Morgenbladet, kan det det gå veg gjennom Kvinnherad og Hålandsdalen – og vidare til anten Fusa (i trong tyding) eller til Samnanger. I det siste tilfellet vil sjøtransporten mellom Oslo og Bergen berre vera $\frac{3}{4}$ mil, understrekar Morgenbladet, som vonar på fortgang i arbeidet. Her får ein vel leggja til at det kanskje er ein kuriositet at me 176 år seinare igjen diskuterer E134 med «arm mot Bergen».

Året etter, i 1847, argumenterer «Det Norske Rigstidende» for veg mellom «Vikør»² og Bergen. Avisa samanliknar då dette med å reisa frå Lærdal til Bergen. (Vegen over Filefjell var framleis einaste vegen mellom Oslo

² «Vikør» var kommunenamnet på Kvam til 1911. Dette var ei dansk form av «Vikøy», som opph. var namnet på kyrkjestaden og prestegarden Vikøy. Men «Vikør» var òg i trongare tyding namnet på soknet som høyrde til den gamle Vikøy-kyrkja, og det er vel i denne tydinga det er brukt i «Rigstidende».

og Bergen.) Det er like langt frå Eidfjord til «Vikør» som frå Lærdal til Gudvangen, men medan du (på den vanlege reisemåten) må enno tre gonger i båt mellom Gudvangen og Bergen, kan du reisa landevegen heile strekninga mellom Kvam og Bergen, gjennom eit «bekvemt» vegterreng, meiner «Rigstidene». Men avisa fornærma eventuelle lesarar i Samnanger med denne utsegn: «*Denne Vej over Samnanger frembyder vistnok ikke synderlig mere av Interesse for Turisten end den bekjendte Fos i Stensdalen, som man kan stige ind i eller under og i gjennem hvilken man betragter Landskabet som igennem et Slør af funklende Glas.*»

Men etter kvart vart Samnanger omtala i reisehandbøker og ulike reiseskildringar, og det vart peika at det kunne finnast noko som var interessant i Samnanger òg. Eg tek med eit utdrag frå avisa «Søndre Bergenhus Folkeblad» (som seinare bytte namn til «Hordaland Folkeblad» – «Skåralappen» på folkemunne). I spalta «Smaapluk fra Kvam og der omkring» skriv «Jon» (Skaar?) om Øvsthusfossen (Steinsdalsfossen) og Fossen bratte. Her er (omsett til norsk) det han skriv om den sistnemnde fossen:

Held ein fram på vegen over den såkalla Steinsskogen og kjem ned forbi Eikedalen, den øvste garden i Samnanger, treffer ein på Eikedalsfossen eller Fossen bratte, som han vert kalla. Dette er ein mektig foss. Elva som lagar fossen, fører temmeleg mykje vatn, og fossen sjølv har ei nesten loddrett fallhøgde på kanskje over 300 fot [nokså overdrive]. Det er ein overmåte vakker foss; merkeleg at han skal vera så fullstendig ukjend. Det kjem vel mest av at det er så svært sjeldan at folk ferdast på desse kantar sidan det ikkje finst ordentleg veg, og dei som bur her omkring på dei spreidde fjellgardane, har sett fossen så ofte at det aldri fell dei inn at nokon ville umaka seg den lange vegen for å sjå han, berre dei visste at han var til.

Frå Tysse i Samnanger kan ein koma opp til fossen på to–tre timar langs temmeleg dårleg veg; kjem ein nedanfrå kan ein gå like fram til foten av fossen, då det er nesten flatt her; ein husmannsplass og to ligg like ved. Kjem ein frå Norheimsund, tek det om lag fire timar å nå dit; i Eikedalen kan ein få ein smågut til å følgja seg det vegstykket som er igjen. Ovanifrå



Fossen bratte er eit mektig syn nedanfrå, men var vanskeleg å komma til før vegen vart bygd. Foto er teke rundt 1900 av Jacob Deby.

ser ein rett nok ikkje fossen slik at han kjem til sin rett; ein må gå ned på flatane for å sjå han godt. Rett ved fossen er det ein snarveg som ein kan gå om ein har hastverk; ein må rett nok ikkje vera svimmel om ein vil gå der sidan det er temmeleg stygt. Ein framand mann som kom forbi der og hadde ein liten hest med, vart vist oppgjennom her; han tok hesten med og fekk han opp òg; men har ein nokon gong gått her, skal ein sanna at det var eit reint under at ein hest kunne koma seg fram – det er snautt nok ein geiteveg.

Turen over Steinsskogen er makeleg, men berre lite interessant; opp gjennom Samnanger-dalane er vegen for det meste dårleg og tung, men landskapet er meir skiftande med stride elvar, høge åsar og tronge, djupe stup over alt opp gjennom landet. Men har ein først nådd fram til Fossen bratte, vil ein likevel ha rikeleg løn for strevet, same frå kva kant ein har vunne seg opp.

Jarnbane gjennom Samnanger? Den første norske jernbana for damplokomotiv var ”Hovedbanen” mellom Oslo og Eidsvoll. Denne vart opna i 1854. Så følgde fleire kortare jernbanestrekningar, dei fleste på Austlandet. Men snart dukka det òg opp tankar om lengre baner mellom landsdelane, og i 1877 vart det opna samanhengande bane Oslo–Trondheim (Rørosbanen).

Mellom Bergen og Oslo var det vanskelegare å byggja jernbane, men i 1871 byrja dei seriøse diskusjonar om bane mellom dei to største byane i landet. Dette året reiste to ingeniørar, etter eit privat initiativ, frå Bergen for å finna ein høveleg trasé for jernbane. Dei fekk ikkje gjort «undersøgelser» lenger enn til Voss, men dei kom tilbake med to alternativ for denne strekninga, altså fram til Vossevangen. Avisa Bergensposten skriv om dette i desember 1871 (omsett til norsk):

For å nå Voss er det to linjer der det kan koma på tale å leggja jernbana; den eine går frå Bergen over Midttun, Garnes, Vaksdal, over Dalseidet, langs Bolstad- og Evangerfjorden. Den andre går frå Bergen om Fana kyrkje, forbi Kalandsvatnet med overgang til Samnangerfjorden, forbi Trengereid i Hisdalen, Ådland kyrkje, rundt botnen av Samnangerfjorden, over Steinsland, opp dalen ovanfor Tysse, sidan forbi Eikedalsfossen, over Kvamskogen til ovanfor garden Djømre [må vera Djønne] i Øystese, derifrå innover fjellet forbi Hamlagrøvatnet og vidare nedover forbi garden Skjeldalen på Voss

Avisa skriv vidare at det er vanskeleg å seia kva som er det beste alternativet. «Evangerlinja» sine føremonar er at ho er kortare, har lite stigning og er mindre utsett for snø, men på den negative sida nemner Bergensposten at denne linja vil gå gjennom «lidet befolkede og til Dyrkning lidet skikkede Distrikter». Med linja gjennom Samnanger er det motsett: Her er det meir folk og område «*hvoraf en stor Del venter på Dyrkning*». Dessutan er det mykje enklare å gå vidare mot Hallingdal med dette alternativet, meiner Bergensposten.

«Samnanger-alternativet» levde ikkje lenge. Realismen var nok for liten, og i 1875 vart det vedteke å byggja Vossabanen forbi Bolstad og Evanger. Denne bana vart opna i 1883, medan heile Bergensbanen ikkje var ferdig før i 1909.

Køyreveg til Kvam: Me fekk altså ikkje jernbane gjennom Samnanger, men tanken om veg frå Hardanger til Bergen gjennom Samnanger levde vidare. I første omgang vart Samnanger i 1885 knytt til Vossabanen med køyreveg frå Ådland til Trengereid (nordre). Ti år seinare var vegen mellom Ådland og Tysse ferdig, og så skulle det gå endå ti år før ein kunne køyra med hest og kjerre over Kvamskogen til Norheimsund. Vegen vart visstnok offisielt opna i 1907, men alt 21. juni 1905 (to veker etter at Noreg hadde sagt opp unionen med Sverige) skriv Morgenbladet: «Fra Norheimsund skrives den 14de Juni til «Morgenbladet»:

«Netop i disse Dage lægges den sidste Haand paa det store Veianlæg over Fjeldet fra Tøse i Midthordland til Norheimsund i Hardanger. Veien er nu farbar med Hjulredskab, og i Pinsen var Trafikken over Fjeldet allerede i fuld Gang.»

Eg skal her ta med utdrag frå ei reiseskildring frå pinsa, 3. og 4. juni, året etter, altså i 1906. Det er ein anonym bergensar som har sendt dette til «Bergens Aftenblad».

En vakker 2 Dages Tur

Pintsen nærmed sig, og man skulde jo tænke paa en 2 Dages Tur; jeg havde i mange Aar været med at tage pr. Bane til Voss, derfra kjøre til Eide i Graven³ og saa ud Hardangerfjorden med Dampskib. Nu var den nye Vei over Kvammeskogen færdig, og man fortalte mig hvilken Konkurrans denne Rute til Norheimsund i Hardanger vilde blive til Voss–Eide-Ruten. Jeg maate naturligvis undersøge Forholdene og sendte Pintseaften Hest og Vogn afsted med Dampskib til Aadland i Samnanger.

Pintsedags Morgen oprandt klar og sollys, og jeg begav mig afsted til Jernbanestationen. Toget skulde gaa Kl. 7.20, men grundet de mange Reisende blev vi 20 Minutter forsinket ved Afgangen, andkom til Trængereide Kl. 9 og tog strax Skyds over Fjeldet til Aadland. Fra høiden har man en vakker Udsigt over den indre Del af Samnangerfjorden og en behagelig Nedkjørsel, ankom Aadland Kl. 10½, hvor vi fandt ypperlig

³ Granvin. Den lokale uttalen var «Graven», og det var òg skrivemåten til 1898, då ein tok opp att den historiske skriftforma (som i neste omgang endra uttalen). Bergensaren på tur i 1906 har nok ikkje fått med seg den offisielle namneendringa.



Flunkande ny veg forbi Mørkhølen. Foto: Jacob Deby, ca. 1900.

Hotel og elskværdige Værtsfolk. Hest og Vogn var kommen om Natten, og efter 1 Times Ophold bar det afsted rundt Bugten af Samnangerfjorden, passerede Tøsse Kl. 12.25. kjørte over Broen her, hvor Samnangerfossen styrter brusende i Havet, og fulgte Ælven opover til Frølandsvandet, videre opover Dalen med stadig stigning til toppen af Egedalsfossen. Storartet Natur og ser man her, hvor man i gamle Dage gik Stien ned Fjeldet ved siden af denne mægtige Foss, og hvor det gjaldt om ikke at være svimmel, thi enkelte Steder var kun Fodfæste paa Minebolte, indslaaet i Fjældvæggen, og glad var man naar Dalbunden var naaet. Efter 3½ Times Kjørsel fra Aadland ankom vi til Kvamshaug Hotel, hvor man befinder sig meget vel, og hvor prægtigt Fiskevand ligeved Hotellet. Derfra igjen Kl. 3½, og efter en Times Kjørsel med svag Stigning, naaede vi Høiden. Isen laa endnu paa Vander og Snefonner lige ved Veien. H. over H. ca. 1200 Fod. Her begynder Vandet at rinde ned mod Hardangerfjorden og Nedstigningen frembyder den mest storslagne Natur.

Her har man vel det i Norge mest dristige Veianlæg, man bliver fuldstændig stum af Forbauselse over dette Stykke Vei, som overgaar alt andet, saasom Stalheimskleven, Skjærven og Kvamskleven. Veien til Norheimsund i Hardanger førte ned gjennem det berygtede Tokagjel, hvor Fossen brøler dybt nede i den vildeste Fjeldkløft, mens Veien er meislet ind i Fjeldvæggen og paa flere Steder gaar gjennem Tunnel. For nervøse Folk vil jeg anbefale at stige af ca. 4 Kilometer og holde sig ind til Fjeldvæggen for ikke at blive svimmel. Kommen over dette, faar man den smilende og frodige Stensdal for sig, og med jævn Nedstigning i Dalen kommer man til den smukke og eiendommelige Stensdals- eller Øvsthusfos, hvor man kan gaa mellem Fjeldvæggen og Fossen, idet en naturlig Sti fører under Fossen. Og staar man her tørt, medens Fossen styrter udfor i en Høide af ca. 50 Meter. Tidligere var det for nervøse Folk lidt risikabelt at gaa under Fossen, men nu er der ingen fare, da Eieren har anbragt solid Jernrækerk og sat op en smuk Hytte i Schweitswerstil, hvor Besøgende kan faa Forfriskninger, og mod en Entré af 25 Øre gaa Stien. Et Kvarters Kjørsel igjen og vi ankom det skjønnne Norheimsund, hvor Sandvens Hotel repræsenterer sig som et af Landets bedste i Landdistrikterne. Norheimsund er maaske det smukkeste i Hardangerfjorden, thi her har man foruden den yndige Stensdal en storartet Udsigt over Folgefonden tværs over Fjorden, og Veie som fører en til vakre Omgivelser.

Første Pintsedag var altsaa vel anbragt; kommen i god Havn paa første Forpleining efter de mange Seværdigheder paa Turen og havende tilendebragt en af de behageligste Kjøreture fra Trængereide til Norheimsund paa ca. 50 Kilometer.

Så vert det fortalt om oplevelingane neste dag, då turen gjekk vidare til Øystese og Fyksesundet. Tilbake til Bergen gjekk reisa med dampskip:

Alt gaar i vore Tider fremad med Kjempeskridt, og saaledes er det ogsaa med Skibene paa Hardangerfjorden; thi man har adskillig mere Komfort her nu end for en 30 Aar tilbage. Efterhvert som vi nærmede os Bergen blev der mere og mere folksomt om bord, og da vi forlod det sidste Anløbssted, det smilende Godø Sund, havde vi omtrent Tallet. Alle var glade og fornøiede over sin Pintsetur. "Vikingen" bragte os trods den stive Kuling af Nordenvind i god Behold tilbage til gamle Bjørgvin omkring Midnat.

Mine Reisefæller var enige med mig i, at det var den herligste Pintsetur, vi havde havt og haaber jeg, at Strømmen af fremmede Turister vil vide at drage sig denne Rute til Fordel. Nogen stoltere Tur paa to Dage kan ikke præsteres.

Lovorda sat altså laust hos den reiseglade bergensaren. Ruta mellom Tysse og Norheimsund skulle også visa seg å verta svært populær blant turistar. Under ser me eit bilete med utsyn over haldeplassen utanfor «Sandvøns Hotel», ein travel dag i 1910. Dette var før rutebilane kom i drift, så turistar og andre reisande vart skyssa med hest og kjerre.



Tekstane som er siterte i denne artikkelen, er henta frå Nasjonalbiblioteket. www.nb.no. Du kan lesa meir om vegen over Kvamsskogen i boka med same namn av Svein O. Aadland. Den kan du no òg finna på Nasjonalbibl.

Lysingar

ELEKTRIKEREN I SAMNANGER

Vi utfører El-installasjon i alle typer bygg

- Vi utfører El-installasjoner i boliger, forretningsbygg og industribygg.
- Egen svakstrømsavdeling.
- Service-avtaler/årskontroller på brannalarm og nødlys.
- Service-avtaler/årskontroller og El-sjekk på alle typer elektriske installasjoner.
- El-kontroller i boliger.

Ernst Eismann AS
Jordalveien 42,
5105 Eidsvåg i Åsane

Tlf: +47 55 33 37 30
E-post: ernst@eismann.no
www.eismann.no



EL-PROFFEN

- i en egen liga

HMEK

REPARASJON AV LANDBRUK OG ANLEGGsutstyr

ARNA

gravferdsbyrå

DAHLS

Lakslia 14 (Borgstova), 5261 Indre Arna.
tlf: **55 24 08 08** (24t). arna-gravferdsbyraa.no

VARIGE LØSNINGER NORSK KVALITET

Faginnredning utformer spesialinnredning
for næringsbygg over hele Norge.

Faginnredning.no



FAG

FAGINNREDNING

Safa

Safa har ullklær til hele familien fra topp til tå!

Samnanger Fysikalske Institutt tel: 56 58 91 09

- Fysioterapeut Geir Næss spesialist i manuell terapi
- Rekvisisjon/henvisning fra lege ikke nødvendig
- Ved oppnådd frikort ingen egenandel
- Henviser til røntgen, CT og MR
- Sykemeldingsrett

Dag- og kveldsåpent – For timebestilling ring 56 58 91 09

KIWI mini pris

Gjer som 4 av 5 samningar – abonnér på

samningen

Teikn abonnement på www.samningen.no eller ring 56 58 77 05



SPAR 

**Velkommen til
Sparbutikken på Bjørkheim!**

Vi byr på deilig helgemat og velfylte varmeskap.

SPAR BJØRKHEIM tlf. 56 58 63 32 • 7-22(8-21)



DIN LOKALE BOKHANDEL

NORLI ARNA
TLF 55245500
WWW.NORLI.NO
ARNA@NORLI.NO

FØLG OSS GJERNE PÅ
FACEBOOK OG INSTAGRAM

Forstøtningsmurar
Trapper - Grunnmurar

Thomas Eikeland

5650 Tysse

Tlf. 56 58 64 27 / 909 80 599

E-post: tomas.eikeland@gmail.com

Utleige av
systemførskalling

Sentral
godkjenning



Best Bjørkheim

Solheim Autoservice AS

56 58 90 00



**TYSSELAND SMED
& MEK. VERKSTED**

480 08 815 / 56 58 76 40

5652 Årland

Bjørkheim

KRO & MOTELL AS

Tlf: 56 58 77 40

post@bjorkheim.no



Oline's blomsterverksted

Dåp, fest, bryllup og sorgbinderi

Haga, 5650 Tysse,

56 58 79 00 / 91 81 27 22

Tirs - fre 12-18 lør 10-14

E-post: bestilling.olines@gmail.com



Se hva du kan få
i kundeutbytte



Ponni,-

Rett inn på konto

Du kan få **kunde- utbytte** rett inn på konto

Sparebanken Vest er ikke som andre banker. Vi deler overskuddet med kundene våre. Med lån eller innskudd i banken, kan du få kundeutbytte til deg og dine – rett inn på konto.

 SparebankenVest

Samnanger Taxi

Tlf: 56 58 88 66

Mob. 470 26 289

**Ønskjer du ein annonse i
neste årbok, eller har du
tips til artiklar?**

Kontakt oss:

Tlf. 934 24 361

eller e-post

Samnanger.Historielag@outlook.com



Det var store kontrastar mellom husmassplassar, som i Tøena og Skutevika, og myldrande liv på tettstaden Tysse. Les om fleire av lagnadane i denne årboka, og forteljingane til folk som minnest endringane i tida. Me får også innblikk i korleis det var å ferdast i bygda før og etter dei første vegane kom, og strevet med å byggja desse. Du finn òg politisk historie i forteljinga om eit parti som ikkje har stilt liste på mange år i Samnanger, men som samla fleire hundre til folkemøte sist på 1800-talet.



Samnanger historielag